



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

St.meld. nr. 46

(2008–2009)

Norsk sjøpattedyrpolitikk



Innhold

1	Innleiing	5			
1.1	Bakgrunn	5			
1.2	Oppfølging av Stortinget sine vedtak og varsla tiltak	6			
1.2.1	Kvalfangstnæringa	7	3.6.3	Ordningar for stønad til produktutvikling og investeringar for effektivisering om bord på fartøya	25
1.2.2	Selfangstnæringa	8	3.6.4	Samarbeidsprosjekt i Russland	25
1.2.3	Kystsel	9	3.6.5	Rapport frå arbeidsgruppe	26
1.2.4	Forsking og rådgiving	9	3.6.6	Vurderingar	26
			3.7	Handel med selprodukt	27
			3.7.1	Framtidig tilgang til EU-marknaden for selprodukt	27
2	Kvalfangstnæringa	11	3.7.2	Europakommisjonens forslag til forordning for handel med selprodukt	28
2.1	Vågekval	11	3.7.3	Konsekvensar av EUs forordning for handelen med selprodukt	28
2.1.1	Alternativ mengdeutrekning av vågekval	11	3.8	Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar	28
2.2	Andre kvalartar	12			
2.3	Førebuing til økosystembasert forvaltning av kval.	12	4	Forvaltning av kystsel	30
2.4	Forvaltning av kvalfangsten.	13	4.1	Forvaltning	30
2.4.1	Kvotar og fangst	13	4.2	Bestandsovervakning og bestandsutvikling	31
2.4.2	Deltaking og regulering	14	4.3	Forholdet til fiskeria.	31
2.4.3	Internasjonal interesse og reaksjonar	15	4.4	Utarbeiding av forvaltningsplanar .	32
2.5	Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar	15	4.4.1	Forvaltningsmål	32
			4.4.2	Forvaltningsstrategiar og tiltak.	33
3	Selfangstnæringa	17	4.5	Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar	33
3.1	Grønlandssel i Vestisen. Bestand og uttak	17	5	Forsknings- og rådgivingsbehov	36
3.2	Grønlandssel i Austisen. Bestand og uttak.	17	5.1	Forskningsbehov	36
3.3	Klappmyss i Vestisen. Bestand og uttak	18	5.1.1	Bestandsforskning	36
3.4	Aktuelle prinsipp og data for framtidig forvaltning av ishavssel (grønlandssel og klappmyss)	19	5.1.2	Fleirbestands- og økosystemforskning	36
3.4.1	ICES sitt rammeverk for forvaltning av sel og krav til bestandsdata	19	5.1.3	Dyrevelferd og dyrehelse	36
3.4.2	Norsk forslag om forvaltning av grønlandssel i Vestisen	20	5.1.4	Forskning på helseverknader av sjøpattedyrprodukt	37
3.5	Førebuing til økosystembasert forvaltning	21	5.2	Rådgivingsbehov	38
3.5.1	Selinvasjon.	21	5.2.1	Nasjonal rådgiving	38
3.6	Økonomiske rammevilkår og deltaking i fangsten	22	5.2.2	Internasjonal rådgiving	38
3.6.1	Fangstresultat	22	5.3	Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar	39
3.6.2	Deltakarregulering	24	6	Økonomiske, administrative og distriktmessige konsekvensar	40
			6.1	Økonomiske konsekvensar.	40
			6.2	Administrative konsekvensar	40
			6.3	Distriktmessige konsekvensar ...	40



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

St.meld. nr. 46

(2008–2009)

Norsk sjøpattedyrpolitikk

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 19. juni 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Regjeringa legg med dette fram ei stortingsmelding om norsk sjøpattedyrpolitikk.

Den førre meldinga om sjøpattedyrpolitikk vart lagd fram 19. mars 2004 av regjeringa Bondevik II i St.meld. nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk.

Behandlinga av meldinga i Stortinget la grunnlaget for politisk ro i Noreg om sjøpattedyrforvaltninga. Gjennomgangen frå 2004 er i hovudtrekk eit godt fundament for dagens politikk og eit viktig styringsverktøy for regjeringa.

Grunngjevinga for å leggje fram ei ny melding no er i hovudsak Stortinget sitt ønskje om dette i samband med behandlinga av meldinga i 2004, jf. det samrøystes vedtaket i Stortinget 18. mai 2004.

Innhaldet i meldinga er ei oppfølging av dei andre vedtaka i Stortinget av 18. mai 2004 som det tidlegare ikkje er gjort greie for av dåverande eller noverande regjering. I stortingsvedtaket heiter det: «Stortinget ber Regjeringa vurdere om Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen kan gjevast ei aktiv oppgåve i fastsetjinga av fangstkvotar og fordelinga av fangstkvotar mellom Noreg og andre land.» og «Stortinget ber Regjeringa vurdere å opne for forskingsfangst på andre kvalartar, for slik å leggje tilhøva til rette for ein større forskings-

innsats og såleis akkumulering av ønskeleg og naudsynt kunnskap.»

I St.meld. nr. 27 vart det teke til orde for ei meir aktiv forvaltning av sjøpattedyr gjennom å styrkje vernet av trua og sårbare bestandar, auke utnyttinga av bestandar det kan haustast av og førebu overgangen til økosystembasert forvaltning av dei levande marine ressursane, der også sjøpattedyr skulle vurderast som komponentar i økosystem som det kan haustast frå. På denne bakgrunn vart det foreslått ei rekkje generelle tiltak og tiltak spesielt retta mot kval og sel.

Generelle tiltak:

- Innføre eit sett generelle prinsipp som skal leggjast til grunn for forvaltning av sjøpattedyr i Noreg, og som Noreg skal søkje breiast mogleg internasjonal oppslutning om.
- Etablere eit vitenskapleg fundament for overgang til økosystembasert forvaltning der bestandane av sjøpattedyr blir vurderte i samanheng med forvaltninga av dei andre levande marine ressursane.
- Vidareføre bestandsovervaking som alt er i gang og innføre overvaking av bestandar som ikkje blir fanga opp av dagens overvaking.

- Greie ut nedre grenser med tilhøyrande føre-var-grenser for livskraftige bestandar av dei sel- og kvalartane som naturleg har fast utbreiing i norske farvatn.
- Etablere overvaking av bifangst av sjøpattedyr i fiskeria og vurdere verknaden på bestandane. Noreg skal saman med andre nordsjøland delta i arbeidet med ein tiltaksplan for niser i Nordsjøen for å følgje opp *Bergensdeklarasjonen* frå *Femte ministerkonferanse om Nordsjøen*.
- Leggje til rette for tilpassing av fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget. Dette vil seie både fornying av flåten og auke i kapasiteten samanlikna med situasjonen i dag, særleg i selfangstnæringa. Regjeringa meiner at dette kan skje ved å innføre ei ordning med «kvotebonus» for fartøy som driv fiske i kombinasjon med selfangst.
- Innføre konsesjonsordningar for kvalfangst og selfangst som ledd i arbeidet med å få på plass føreseielege rammer for næringane.

Tiltak som gjeld kval:

- Arbeide for å auke uttaket av vågekval innanfor ramma av *Den internasjonale kvalfangstkommissjonen* (IWC). Dersom det over tid skulle vise seg at det er heilt uråd å få dette til, kan det vurderast om Noreg bør gå inn for å forvalte vågekvalen i regi av *Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen* (NAMMCO).
- Greie ut korleis DNA-registeret for vågekval kan nyttast til å rekne ut bestandsstorleiken.
- Utvikle metodar for elektronisk overvaking av kvalfangsten og erstatte dagens inspektørsystem med elektronisk overvaking.
- Opne for utvida fangstsesong så snart elektronisk overvaking kan gjennomførast.

Tiltak som gjeld sel:

- Auke fangstkvotane monaleg for bestandane av grønlandssel samanlikna med nivåa i dag, for å få desse bestandane ned på nivå som gir størst langsiktig avkastning av sel. Forvaltning av grønlandssel i Austisen må gjennomførast i samarbeid med Russland.
- Setje i verk tiltak for å betre kunnskapen om bestandsstorleik og bestandsbiologi hos klappmyss.
- Greie ut metodiske forbetringar for å overvake kystsel.
- Regulere bestandstilveksten av kystsel for å avbøte skadar for fiskerinæringa m.v., samtidig

med at vi bevarer livskraftige bestandar basert på vitskapleg rådgiving.

- Opne for at utlendingar kan få høve til å delta i jakt på kystsel på vilkår av at jakta skjer under kyndig rettleiing.
- Leggje om stønaden til selfangstnæringa for å utvikle lønnsmda i næringa, slik at det blir lagt større vekt på produktutvikling, vidareforedling og marknadsføring. Ei bedriftsøkonomisk lønnsam næring er ein føresetnad for auka hausting av sel.
- Oppmuntre næringa til å etablere fellesprosjekt med russiske selskap med sikte på auka selfangst i Austisen. Det finst høve til finansiering av slike prosjekt i Næringsfondet for Nordvest-Russland og Investeringsfondet for Nordvest-Russland.
- Vurdere behovet for mobile slakterianlegg for sel.

I denne meldinga går vi gjennom korleis tiltaka i St.meld. nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk er følgde opp og kva tiltak regjeringa vil prioritere i utforminga av sjøpattedyrpolitikken framover.

1.2 Oppfølging av Stortinget sine vedtak og varsla tiltak

Arbeidet til regjeringa med sjøpattedyrpolitikken kviler i hovudsak på to pilarar; å drive seriøst vitskapleg arbeid og å følgje folkeretten. Noreg følgjer dei folkerettslege pliktene sine til internasjonalt samarbeid om forskning og forvaltning av kval og sel ved å delta i Den internasjonale kvalfangstkommissjonen – IWC, Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen – NAMMCO og i Det internasjonale råd for havforskning – ICES. Noreg deltek også i møte i regi av avtalen om beskyttelse av småkvalar i Østersjøen og Nordsjøen – ASCOBANS.

Noreg sin rett til å hauste av dei levande marine ressursane, medrekna sjøpattedyra, innanfor dei store og rike havområda våre, er tufta på omsynet til berekraft basert på den best moglege tilgjengelege vitskaplege kunnskapen. Dette utgangspunktet styrkjer Noreg si konsekvente line i den moderne ressursforvaltninga vår, og har gitt Noreg truverd som forvaltar av dei marine levande ressursane. Når det gjeld sjøpattedyr er det særskilt viktig at det ikkje kan reisast tvil om dette grunnlaget for norsk forvaltning.

Ei bærekraftig hausting av dei levande marine ressursane bygger på prinsippa nedfelt i en økosystembasert forvaltning. I dette ligger blant anna

bevaring av biologisk mangfald på lang sikt og at det kan haustast av livskraftige bestandar. Ei økosystembasert forvaltning forutsett ideelt sett kunnskap om alle trinn i næringskjedene og det fysiske og kjemiske miljøet organismane lever i.

Når det gjeld forholdet mellom havressurslova og regjeringas forslag til naturmangfaldlov, vil den alminnelege forvaltninga av viltlevande marine ressursar og tilhøyrande genetisk materiale verte gjort med heimel i havressurslova, slik det er bestemt mellom anna i forvaltningsprinsippet, jf. Ot.prp. nr. 20 (2207–2008) Om lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) kap. 4.4. Formålet med lova og dei grunnleggjande omsyna som er oppstilte i § 7 vil utgjere rammene for forvaltninga. Føresegnene i naturmangfaldlova om formål og alminnelege prinsipp for berekraftig bruk vil supplere havressurslova i vurderingar og avgjerder om hausting etter havressurslova.

Reglar om sektorovergripande vern av artar og område vert berre heimla i naturmangfaldlova. Naturmangfaldlova § 23 om prioriterte artar i sjø vil være aktuell å bruke overfor viltlevande marine ressursar i spesielle tilfelle. Med spesielle tilfelle meiner situasjonar der en art er sjeldan eller står i fare for å forsvinne eller der det er behov for å beskytte arten på tvers av sektorar. I slike situasjonar skal det vurderast om man kan oppnå tilstrekkelig beskyttelse av arten gjennom havressurslova. Der det er behov for å beskytte en trua eller sårbar art og/eller sette i verk et sektorovergripande vern etter § 23 skal dette skje i et nært samarbeid mellom miljømyndighetene og fiskeriforvaltninga.

Fangst av sel og kval er tradisjonsrike næringer i norske havområde. Eit ansvarleg uttak av sjøpattedyr kan også ha gunstig verknad for den totale utnyttinga av andre marine ressursar. Samtidig er sjøpattedyra ikonar med stor symbolverdi for natur- og dyrevern. Det er difor særst viktig at Noreg har ei balansert forvaltning av desse artane, og at forvaltninga er tufta på solid vitenskapleg grunnlag, faglege råd og breiast mogleg internasjonal aksept.

Innanfor EU er det fremma forslag om å innføre forbod mot omsetning, import og transitt av skinn og andre produkt frå selfangst. Om dette forbodet trer i kraft vil rammevilkåra for norsk selfangstnæring bli betydeleg endra. EUs eventuelle forbod vil også reise spørsmål knytt til ein eventuell WTO-prosess.

Medlemslanda i EU har hittil delteke på eigne vegner innanfor IWC. Frå og med årsmøtet i 2008 er det etablert fellesskapskompetanse innanfor EU, samtidig som alle EUs medlemsland melder

seg inn i IWC. Dette inneber at EU vil stemme med ei blokkstemme på 25 av IWC sin samla medlemsmasse på 85, noko som vil innebere at EU, som vil ha ei grunnhaldning aktivt i mot ei kvar form for kvalfangst, kan blokkere ei kvar dreining av IWC i ei meir kvalfangstvennleg retning.

Samla inneber desse tiltaka frå EU at norsk sjøpattedyrpolitikk møter fundamentalt nye internasjonale rammevilkår og dermed blir ytterlegare utfordra.

Regjeringa har sett i verk tiltak for å nå dei måla som det vart gjort greie for i St. meld. Nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk, og dei måla som kom fram under stortingsbehandlinga av meldinga. Regjeringa sine konklusjonar om status for framdrifta og tilrådingar om ytterlegare tiltak er følgjande:

1.2.1 Kvalfangstnæringa

I kapitlet om kvalfangstnæringa går vi gjennom oppfølginga på dette området. Hovudkonklusjonane er:

- Bestanden av vågekval blir overvaka i samsvar med protokoll utarbeidd som ein del av IWCs forvaltningsprosedyre (RMP), og kvotane blir fastsette etter ein prosedyre utarbeidd av IWCs vitenskapskomiteé. Dette gjer at Noreg får tilslutning til bestandsestimata våre i vitenskapskomiteen og det er aukande internasjonal forståing for norsk kvalforvaltning.
- Ein elektronisk metode for fangstovervaking er utvikla og innført på alle fangstskutene. Lengda på fangstsesongen blir no fastsett i samsvar med ønskja frå næringa.
- Alternative metodar for overvaking av vågekvalbestanden er kontinuerleg under utgreiing. Inntil nye metodar viser seg vitenskapleg og økonomisk rekningsssvarande, og ny protokoll for bestandsovervaking er godkjent av IWCs vitenskapskomiteé, skal noverande ordning med årlege teljetokt vidareførast.
- EU sin fastlåste motstand mot kvalfangst i IWC kan få mykje å seie for dei internasjonale rammevilkåra for norsk kvalpolitikk.
- Regjeringa vurderer løpande kva organisasjon som er tenleg å nytte i det internasjonale samarbeidet om forvaltninga av kval.
- Det er truleg ikkje bestandsmessig grunnlag etter RMP for fangst på nokon av dei andre store vandrane kvalartane i norske farvatn, men det er teikn på vekst i bestandane av spermkval, blåkval, finnkval og knølkval. Det er difor viktig at desse store kvalane saman

med dei mest talrike mindre tannkvalane, blir overvaka.

- Noreg bør ikkje gå i gang med forskingsfangst av andre kvalartar no. Ei grunngjeving for det er at det i dag ikkje er eit klart nok forskingsbehov for slik forskingsfangst.
- Det blir arbeidd kontinuerleg med å skape kunnskapsgrunnlag og regelverk for økosystembasert kvalforvaltning. Ordninga med kvalobservatørar på økosystemtokt i Barentshavet skal vidareførast og utvidast til andre havområde.
- Overvaking av bifangst av kval i norske fiskeri skal vidareførast og eventuelle behov for avbøtande tiltak blir vurdert løpande.
- Norske styresmakter skal halde fram med å arbeide for at handel med kvalprodukt mellom Noreg og Japan blir normalisert.

1.2.2 Selfangstnæringa

I kapitlet om selfangstnæringa går vi gjennom oppfølginga på dette området. Hovudkonklusjonane er:

Bestandsovervaking og -forvaltning

- Det er gjennomført teljing av bestandane i Vestisen i 2006 og 2007. Resultata er innarbeidde i råd om kvotefastsetjing.
- Utkast til forvaltningsplanar med langsiktige mål for bestandsutviklinga er utarbeidd og lagt fram for evaluering av ICES.
- Grønlandsselen i Vestisen er truleg på sitt maksimale nivå og bestandstilveksten er stoppa opp. Bestanden er liten samanlikna med bestanden i Austisen. Tiltak for å regulere mengda av grønlandssel som beiter på fiskefeltet i Barentshavet vil ha størst effekt dersom dei er retta inn mot den talrike bestanden i Austisen.
- Fangstane av klappmyss har vore små dei seinare åra og den siste halveringa av ungeproduksjonen kjem truleg ikkje av fangsten. Årsaka til den negative utviklinga kan skuldast reduksjon i areal av eigna drivis eller sjukdomstilstandar i bestanden. Forsking på årsakene til nedgangen i bestanden bør intensiverast, blant anna for å sikre bevaring av bestanden.
- For klappmyss, der bestanden truleg berre er om lag 5–6 prosent av opphavleg storleik, skal fredinga vidareførast til bestanden viser gjen-

vekst. Målet er å kunne ha ein bestand som gir eit stabilt fangstutbytte.

- Ved ein mogleg framtidig selinvasjon, slik som den vi hadde av grønlandssel langs kysten av Finnmark i 1987, vil regjeringa setje av midlar for å avgrense skadar og innverknad på næringsverksemd langs kysten.
- Overvaking av storleiken på bestandane og reproduksjonsevna skal vidareførast slik at bestandane av grønlandssel og klappmyss i Vestisen kan klassifiserast som data-rike etter terminologien nytta av ICES.
- Arbeidet med innsamling av data for bruk i økosystembasert forvaltning skal vidareførast og styrkast. Det er særleg viktig å leggje vekt på den romlege utbreiinga av grønlandsselen i høve til kommersielle fiskeslag i Barentshavet.
- Det er eit mål å halde oppe selfangsten i Vestisen.
- Stønaden til selfangsten skal rettast mot prosjekt som gir størst mogleg avkastning i form av lønnsemd og økosystembasert verknad.

Økonomiske rammevilkår

- Den økonomiske stønaden frå staten har teke sikte på å leggje til rette for ei lønnsam næring ved støtte til produktutvikling, vidareforedling og investeringar i fangstteffektiviserande tiltak.
- Fartøystønaden har vore utforma slik at han så langt råd er har vore verdibasert.
- Resultata frå den norske selfangsten dei siste fem åra viser at næringa framleis er ulønnsam og avhengig av offentleg stønad.
- Det har vore ytt støtte til samarbeidsprosjekt med russiske selskap med sikte på auka selfangst i Austisen. Prosjektet hadde lenge ei positiv utvikling, men endringane i rammevilkåra på russisk side frå og med 2009 har ført til at det framover er avgrensa høve til selfangst i Austisen.
- Stønaden til å oppretthalde norsk fangst i Vestisen skal vidareførast. Stønaden skal sikte mot å leggje til rette for ei lønnsam næring og skal vere verdibasert.
- Stønaden til selfangst i Austisen skal vidareførast i form av støtte til samarbeidsprosjekt med russiske selskap for auka uttak av sel i Austisen dersom dette igjen blir aktuelt. Formålet med stønaden er å medverke til ei sjølvberande selfangstnæring i Kvitsjøen.
- Eventuell stønad til samarbeidsprosjekt må difor sjåast i lys av utviklinga i rammevilkåra på russisk side.

Handel med selprodukt

- Regjeringa vil motarbeide EUs føreslegne forordning og mildne verknadene av den prosessen EU no er inne i. Det er vedteke at Noreg skal be om tvisteløysingskonsultasjonar i WTO så snart som forordninga er formelt vedteke i ministerrådet i EU.

1.2.3 Kystsel

I kapitlet om kystsel går vi gjennom oppfølginga på dette området. Hovudkonklusjonane er:

- Arbeidet med forvaltningsplanar med langsiktige forvaltningsmål og strategiar som utløyser tilpassa tiltak er i sluttfasen og vil bli fredigstilt etter at Stortinget har behandla denne meldinga.
- Det er opna for at utlendingar kan delta i jakt etter kystsel dersom jakta skjer under kyndig rettleiing.
- Etter framlegginga av St. meld. 27 (2003–2004) og fram til 2006 er bestanden av steinkobbe redusert med om lag 700 dyr. Grunnen er ein kombinasjon av jakt og utilsikta bifangst i fiskereiskapar. Bestandsreduksjonen på inntil 40 % er registrert i enkeltområde. Truleg har nedgangen halde fram med auka fart etter 2006. Såleis kan ein seie at dei politiske måla med forvaltninga som kom fram under diskusjonen i Stortinget av Stortingsmelding nr. 27 er oppfylte. Regjeringa tilrår ei tilpassing av kvotane slik at bestanden stabiliserer seg på det nivået han hadde i 2006. Dette nivået (som tilsvarar at om lag 7000 talde dyr i hårfellingsesongen) blir innarbeidd som langsiktig mål-nivå i forvaltningsplanane.
- Tiltaka for å avgrense veksten av havert har ikkje vore tilstrekkelege og bestanden har auka vidare med 3,3 % per år. Regjeringa foreslår høgre uttak slik at bestanden blir redusert og stabilisert på eit nivå som tilsvarar at 1200 ungar blir registrerte årleg. Støttemidlane vil bli tilpassa for å oppnå den ønska bestandsreguleringa.
- Bestandsteljingar med standard metode og overvaking av reproduksjonen til kystselen blir styrka, slik at begge selartane kan forvaltast som «datarike» etter terminologien til Det internasjonale råd for havforskning, ICES (sjå boks 4.1).
- Overvaking av bifangst av kystsel i norske fiskeri skal vidareførast.
- Genetisk samansetning av steinkobbeførekostane må kartleggjast slik at bestanden kan

inndelast i tenlege forvaltningseiningar, og berekning av livskraftige bestandar for begge artane må baserast på dei beste tilgjengelege bestandsdata.

- Fiskeri- og havbruksnæringa blir oppmoda om å samarbeide med forskarane om å konkretisere skadar kystselen påfører fiskeri- og havbruksnæringa og om metodar for å måle omfang og utbreiing av desse skadane.
- Når arbeidet med forvaltningsplanar er sluttført skal det etablerast mekanismar for internasjonal evaluering av det vitskapelege grunnlaget for forvaltningsråda. Det er utgreiing i gang om ICES eller NAMMCO er moglege fora for slik evaluering.

1.2.4 Forsking og rådgiving

I kapitlet om forskning og rådgiving går vi gjennom oppfølginga på dette området. Regjeringa vil styrkje forskinga, utvide den faglege rådgivinga og auke internasjonalt samarbeid. Konkret foreslår regjeringa følgjande:

Forsking

- Alle bestandar som vi driv fangst eller jakt på skal overvakast, og det skal liggje føre oppdaterte vurderingar av bestandane som viser at dei er livskraftige og toler fangst før kvotane blir fastsette. Det er viktig at den norske bestandsovervakinga framleis oppfyller dei krav som internasjonale, rådgivande organ (ICES, NAMMCOs vitskapskomité og IWCs vitskapskomité) set til overvaking som skal nyttast i forvaltningsrådgivinga.
- Norsk sjøpattedyrforsking har eit svært godt ord på seg internasjonalt. Kvaliteten på og omfanget av forskinga på sjøpattedyr skal vidareførast.
- For å møte forvaltninga sitt framtidige kunnskapsbehov skal eit ekspertpanel, under leiing av Havforskningsinstituttet, kallast saman årleg for å gi Fiskeri- og kystdepartementet råd om innretninga på forskinga og forskingsfinansieringa. Feltstudiar for innhenting av empiriske data for betre å forstå sjøpattedyra sin rolle i økosystemet, skal styrkast. Økosystemtokt og satellittsporing blir viktige datakjelder i dette arbeidet. Internasjonalt samarbeid er vesentleg for datatilgang frå heile Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen.
- Felldata og økologisk teori skal utnyttast til ein ny generasjon fleirbestands- og økosystemmodellar. Innsatsen for å utvikle gode og prak-

tiske fleirbestandsmodellar til bruk i ressursrådgivinga skal styrkast ved eit nært samarbeid mellom sterke grunnforskningsmiljø i universitetssektoren og den bruksretta forskinga som blir gjort, mellom anna ved Havforskningsinstituttet.

- Forsking og veterinærmedisinsk kompetanse på dyrevelferd og dyrehelse skal oppretthaldast. Det er viktig at Noreg har beredskap knytt til dei spesielle tilhøva rundt sjøpattedyr.
- Forskinga om helsegevinstar ved bruk av sjøpattedyroljar skal vidareførast. Det skal stimulerast til gode pasientforsøk med kontrollgrupper.

Internasjonalt samarbeid

- Noreg skal halde fram med å spele ein aktiv rolle innanfor ICES og IWC for å få breiast mogleg internasjonal aksept for norsk sjøpattedyrforsking og –forvaltning.
- Hittil har forvaltninga av kystsel vore basert på nasjonal rådgiving. Når arbeidet med forvaltningsplanar er slutført skal det etablerast mekanismar for internasjonal evaluering av det vitskaplege grunnlaget for forvaltningsråda. Det er utgreiing i gang om ICES eller NAM-MCO er moglege fora for slik evaluering.
- Arbeidet med revisjon av IWC sin forvaltningsprosedyre skal vidareførast med sikte på ei snarleg avgjerd.

2 Kvalfangstnæringa

Den norske forvaltninga av kval er, som forvaltninga vår av dei andre ressursane i havet, tufta på FN's havrettskonvensjon. Kvalforvaltninga er basert på den best tilgjengelege vitskaplege kunnskapen og på Den internasjonale kvalfangstkomisjonen – IWC.

2.1 Vågekval

Kvart femte år blir det gjennomført ei vitskapleg vurdering av vågekvalbestanden i regi av vitskapskomiteen i IWC. Resultatet av denne evalueringa dannar grunnlaget for norske forvaltningstiltak i neste femårsperiode. Den førre gjennomgangen av atlantisk vågekval vart gjort på møtet i IWCs vitskapskomité i 2003. Då fekk Noreg aksept for eit bestandsestimat basert på teljingane for perioden 1996–2001. Samtidig vart inndelinga i fangstområde noko endra. Eit eige fangstområde for Vestfjorden vart oppheva, samtidig med at området i Barentshavet vart delt i to, med ei grense langs 28° aust.

Under møtet i vitskapskomiteen i 2008 var det ein gjennomgang der all ny kunnskap (teljingar, genetiske data, etc.) vart oppsummerte og drøfta. Den norske delegasjonen presenterte eit forslag til nytt bestandsestimat basert på teljingane for perioden 2002–2007. Det nye estimatet er 103 000 dyr for totalområdet, 79 000 for den austlege delen og 24 000 for Jan Mayen-området. Dette estimatet er veldig nær estimatet frå førre teljeperiode (107 000), men er noko meir usikkert. Det står att noko utrekningsarbeid før estimatet kan godkjennast for bruk i IWC sin reviderte forvaltningsprosedyre, RMP. Punkttestimatet (103 000) er akseptert. Under diskusjonen av forslaget vart det fremma ei liste med forslag til kva som bør gjerast før endeleg godkjenning. Modellen som blir brukt til å rekne ut kor usikkert estimatet for bestandsstorleiken er, er tidlegare blitt akseptert, men det ligg føre ei rekkje forslag til korleis han kan bli betre. Det nye bestandsestimatet vil difor først bli ferdigbehandla på årsmøtet til IWC i juni 2009.

Ein analyse av genetiske data frå fangstane frå 2003–2006 (DNA-registeret) tyder på at det berre er éin bestand i heile området der den norske våge-

kvalfangsten føregår. Dette står i kontrast til analysen av data frå 1997–2002 som vart presentert på møtet i 2003. Då vart det funne skilnader mellom Jan-Mayen og dei austlege områda. I tillegg vart det funne skilnad mellom dyr fanga aust og vest for 28-graden som nemnt ovanfor. I eit forsøk på å kunne forstå grensa ved 28-graden betre vart det gjennomført ein ny analyse av data frå 1997–2002. Denne analysen viste at den vesle genetiske skilnaden som vart påvist i 2003, kunne tilbakeførast til berre nokre få kvalar fanga i 1998. Vitskapskomiteen uttrykte interesse for dei norske funna samtidig som det vart gjort klart at komiteen ønskte klarare grunngevingar for å kunne ta stilling til ei endring ved 28-graden. Dette punktet vart difor utsett til årsmøtet i IWC i juni 2009.

2.1.1 Alternativ mengdeutrekning av vågekval

I tillegg til studiar av samansetninga av vågekvalbestanden kan DNA-registeret brukast til å gjere utrekningar av talet på vågekval. Merke-gjenfangst er ein velkjent metode som også er nytta i IWC, men førebels ikkje med utgangspunkt i den reviderte forvaltningsprosedyren – RMP. Det er mogleg å «merke» kval ved å samle DNA gjennom prøver av levande dyr og registrere «gjenfangstar» når kval blir fanga og innført i DNA-registeret. Det kan vere mogleg å få aksept frå vitskapskomiteen for ein slik metode, og få utarbeidd ein protokoll for mengdeutrekningar tilpassa RMP. Metoden blir no vurdert i Noreg for å sjå om han er kostnadseffektiv samanlikna med dagens teljetokt.

Ein metode som ikkje er så ulik denne baserer seg på analyse av slektskap mellom fanga kvalar. Denne metoden kan nytte data direkte frå DNA-registeret, og krev ikkje innsamling av prøver frå levande kval. På den andre sida er det krav om å aldersbestemme vågekval, og det har ein ikkje for tida nokon god metode til. Bruk av denne metoden vil difor krevje vesentleg forskingsinnsats, i tillegg til at det sannsynlegvis vil vere ein lengre prosess å få aksept i IWC sin vitskapskomité for utrekningar basert på denne tilnærminga.

Inntil en ny metode er akseptert og ein protokoll utarbeidd for utrekning av talet på dyr til bruk

i den reviderte forvaltningsprosedyren, blir forvaltninga av vågekval vidareført basert på teljetokt.

2.2 Andre kvalartar

I Nordaust-Atlanteren har vi om lag 20 kvalartar som har tilpassa livssyklusen sin på ulike måtar til forholda i området. Nokre artar er i dette havområdet heile året, nokre vandrar og utnyttar toppar i næringsproduksjonen, og atter andre er meir eller mindre tilfeldige gjester. De stadeigne artane omfattar nise, springarar (kvitnos og kvitskjeving), spekkhoggar og grønlandskval.

Fangst av grønlandskval starta allereie på 1600-talet, og det var særleg hollendarane som dreiv denne fangsten med base på Svalbard. Bestanden var opphavleg på rundt 25 000 individ. I dag blir eit fåtal grønlandskval observert i dei nordlege, isfylte områda våre. Dersom desse grønlandskvalane er restane av den store svalbardbestanden og framleis utgjer ein eigen bestand, er dette ein av de minste og dermed mest trua bestandane av storqual. Det er sett i gang forskning for å kartleggje bestandsidentiteten til desse kvalane. Resultata av denne forskinga vil bli ein del av dei framtidige forvaltningstiltaka.

Av dei vandrane artane har vi bardekvalane av finnkvalgruppa som forutan vågekval omfattar blåkval, finnkval og knølkval. I tillegg har vi tannkvalartane nebbkval og spermkval. Hos desse kvalane er næringsvandringa til høgproduktive nordlege område ein del av årssyklusen. Alle desse artane vart det fangsta på frå slutten av 1800-talet og på heller kort tid vart bestandane sterkt reduserte. I dag blir nebbkvalar regelmessig obser-

verte sommarstid i Jan Mayen-området, ved Svalbard og somme stader langs eggakanten mot Norekehavet. Men talet på observasjonar på teljetokt er så lågt at det ikkje har gitt grunnlag for å vurdere kor talrike dei er.

Med unntak av vågekvalen er det i dag truleg ikkje bestandsmessig grunnlag etter RMP for fangst på nokon av dei andre store vandrane kvalartane i norske farvatn.

Stortinget ber i vedtaket sitt om at det blir vurdert å opne for forskingsfangst på andre kvalartar enn vågekval. Svaret frå regjeringa er at Noreg ikkje bør gå i gang med forskingsfangst av andre kvalartar. Ei grunngeving for det er at det i dag ikkje er eit klart nok forskingsmessig behov for slik forskingsfangst.

Talet på dyr for kvalartane i norske havområde er vist i tabell 2.1.

2.3 Førebuing til økosystembasert forvaltning av kval

Dei store kvalane er viktige i økosystemet, blant anna fordi dei utgjer ein stor biomasse, sjølv om dei er heller få i talet. Fleire av tannkvalane er derimot økologisk viktige fordi dei har stor biomasse i kraft av at dei er talrike. For å auke presisjonen på prognosar for utviklinga i fiskebestandane og dermed gjere fiskerireguleringane betre, er det viktig å forstå det økologiske samspelet mellom kvalane og fiskeressursane. Fleire av kvalartane i norske område er ikkje næringsspesialistar. Det vil seie at dei kan veksle mellom fleire byttedyr. Det blir dermed viktig å forstå korleis dietten til kvalane endrar seg med skiftande tilgang på byttedyr. Samspelet mellom kvalane og fiskeressursane har hittil vore studert ved analyse av mageinnhaldet til kvalen, dei siste åra også ved hjelp av data frå økosystemtokta til Havforskningsinstituttet. Det er samla inn kvaldata sidan 2003, og dei har allereie gitt oss vesentleg ny kunnskap om korleis kvalane fordeler seg i høve til fisk og andre byttedyr.

Det er også viktig å forstå korleis fiskeria verkar inn på kvalbestandane. Fiskeria kan påverke kvalane indirekte ved å konkurrere om same byttedyr. Ikkje tilsikta bifangst av kval i fiskereiskapar er ein direkte påverknad som er uønskt ut frå omsynet til vedkommande kvalbestand, ut frå dyrevernsomsyn og fordi det øydelegg fiskereiskapar og fører til andre tap for fiskarane. Særleg nise er utsett for dette. Det blir forska på vidareutvikling av tradisjonelle og nye reiskapstypar for å gjere reiskapane meir selektive og der med redusere bifangst mest mogleg. Det er sett i verk overvaking

Tabell 2.1 Talet på dyr for nokre kvalartar i norske havområde (Havforskningsinstituttet).

Art	Talet på dyr	Trend
Vågekval	Ca 103 000	stabil
Blåkval	Ca 1000	aukande
Finnkval	Ca 6400	aukande
Knølkval	Ca 1500	aukande
Spermkval	Ca 6200	aukande
Grønlandskval	Svært fåtallig	?
Springarar	Ca 100 000	?
Spekkhoggarar	5–10 000	?
Nise	>350 000*	stabil

* Talet for niser er talet i heile Nordsjøen. Niser langs norskekysten nord for Stad og i Barentshavet kjem i tillegg.

av bifangstar i norske fiskeri og denne overvakninga vil gi grunnlag for å vurdere om det er behov for ytterlegare avbøtande tiltak.

2.4 Forvaltning av kvalfangsten

Engasjementet til regjeringa i kvalsaka kviler i hovudsak på to pilarar: Hausting av dei levande marine ressursane våre basert på vitenskapleg dokumentasjon og å følgje folkeretten. Noreg sin rett til å hauste av dei levande marine ressursane, medrekna sjøpattedyra, innanfor dei store og rike havområda våre, er tufta på omsynet til berekraft basert på den best moglege tilgjengelege vitenskaplege kunnskapen. Dette utgangspunktet, som Noreg har følgd konsekvent i den moderne ressursforvaltninga vår, har gitt Noreg truverd som forvaltar av dei levande marine ressursane. Når det gjeld sjøpattedyr er det særskilt viktig at det ikkje kan reisast tvil om dette grunnlaget for norsk forvaltning.

Noreg følgjer dei folkerettslege pliktene sine til internasjonalt samarbeid om forvaltning av kval gjennom å delta i Den internasjonale kvalfangstkommisjonen, IWC. Men IWC fungerer ikkje i dag etter føremålet sitt. Organisasjonen er låst fast av politiske motsetnader. IWC er ute av stand til å gjere rasjonelle vedtak om forvaltningsspørsmål, trass i klare tilrådingar frå IWC sin eigen vitenskapskomité.

Som det går fram ovanfor har Noreg valt å følgje RMP-modellen for kvotefastsetting for vågekval. Dette er eit politisk val som byggjer på at denne modellen for kvotefastsetting er ei vidareutvikling av tidlegare modell og at RMP vart utvikla for å erstatte moratoriet som vart vedteke i 1982. Juridisk sett er Noreg likevel berre bunde av Kommissjonen sin forvaltningsprosedyre vedteken i 1975. Denne prosedyren, New Management Schedule, gir større usikkerheit, men også rom for noko høgre kvotar enn den RMP som Noreg legg til grunn for forvaltninga vår i dag. Det gjeld anten vi vel å forvalte kvalen innanfor IWC, nasjonalt eller innanfor ramma av ein annan internasjonal organisasjon.

På IWCs 60. årsmøte framstod EU-landa som éi blokk, med eitt felles mandat for forhandlingane. Dette er nytt, og denne utviklinga i EU ser ut til å bli forsterka for dei kommande IWC-møta med hovudvekt på motstand mot kommersiell kvalfangst. EUs 23 medlemsland i IWC kan dermed ikkje stemme fritt i kvalfangstkommissjonen, og EU vil med dette kunne blokkere alle vedtak. Regjeringa ser dette som ei bekymringsfull utvikling og

fryktar at dette ikkje vil bidra til ei utvikling bort frå eit politisert og dermed handlingslamma IWC.

Dersom IWC også i framtida viser seg å vere handlingslamma som forvaltningsorganisasjon, vil Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen, NAMMCO, kunne vere eit alternativ, i samsvar med Havrettskonvensjonen sine føresegner, for å søkje internasjonale råd om fangstkvotar.

NAMMCO omfattar både kval og selartar i regionen. Avtalen skipar ein kommisjon for sjøpattedyr i Nord-Atlanteren samansett av eit råd, ein forvaltningskomité, ein vitenskapskomité og eit sekretariat. Medan IWC har eit globalt siktemål og forvaltningskompetanse for nærare oppgitte større kvalartar, har NAMMCO eit regionalt verkeområde og driv gjensidig samarbeid om forvaltning av sjøpattedyr generelt, medrekna dei små tannkvalane (som fell utanfor IWC sin kompetanse), og regionale selbestandar.

NAMMCO har førebels fire medlemsland (Færøyane, Grønland, Island og Noreg). Ei arbeidsgruppe under NAMMCO har starta arbeidet med å vurdere alternative forvaltningsprosedyrar til IWCs RMP. Dette arbeidet byggjer blant anna på ein revisjon av IWCs RMP gjennomført av norske forskarar. NAMMCO har eit relativt avgrensa internasjonalt medlemskap, men vil kunne bli eit regionalt alternativ til IWC dersom den noverande fastlåste situasjon varer ved eller blir verre.

Også det 60. årsmøtet til IWC i 2008 bar sterkt preg av motsetningane mellom kvalfangstlanda og motstandarane av kvalfangst. I lys av dette sette årsmøtet ned ei arbeidsgruppe («IWCs framtid») for å vurdere kva tiltak som kan bringe organisasjonen framover og inn i konstruktive samarbeidsformer. Årsmøtet i 2009 vil truleg bli avgjerande for IWC sin framtidige funksjon som forvaltningsorganisasjon.

2.4.1 Kvotar og fangst

Noreg har under skiftande regjeringar fastsett kvotane for norsk fangst av vågekval på bakgrunn av det regelverket som IWC sin vitenskapskomité har tilrådd. Dette regelverket vart i prinsippet godkjent ved ein resolusjon i IWC i 1992, men er enno ikkje sett i verk. Noreg støtta resolusjonen, men reserverte seg mot at kommissjonen berre aksepterte det strengaste beskyttelsesnivået («tuning level» 0.72) av dei alternativa vitenskapskomiteen tilrådde. Noreg har difor mange gonger slått fast at vi vil leggje den fullstendige vitenskaplege tilrådinga til grunn og ikkje vere forplikta av IWC sitt politisk motverte vedtak om å avgrense fangstkvotane mest



Figur 2.1 IWC sine forvaltningsområde

mogleg. Etter at Noreg tok opp igjen kvalfangsten i 1993 er beskyttelsesnivået senka i fleire etappar. Sidan 2006 har kvoten vorte fastsett basert på beskyttelsesnivå 0.60 som er det lågaste beskyttelsesnivået som vitenskapkomiteen tilrår og som vil gi sikkerheit for langsiktig bevaring av vågekvalbestanden.

Dei siste tre åra har den årlege kvoten vore på 1052 dyr. Dette talet er summen av ein årleg grunnkvote på 955 og overføring av ubrukt kvote frå tidlegare år. Det vart teke 546 kval i 2006, 597 i 2007 og 535 i 2008. Grunnen til den heller låge kvoteutnyttinga er dels dårleg ver i deler av sesongen (2006), dels låge kvotar i nokre av fangstområda i 2007 og 2008 som følgje av stor fangst i desse områda tidlegare i forvaltningsperioden 2004–2008. 2009 er første år i en ny femårs forvaltningsperiode. Ved beskyttelsesnivå 0.60 er den årlege grunnkvoten for forvaltningsperioden totalt 885 kval fordelt på fem mindre forvaltningsområde definert av IWCs vitenskapkomité (sjå figur 2.1). Det er ingen ubrukte kvotar frå tidlegare år som kan overførast. Følgjeleg er det berre grunnkvoten som er tilgjengeleg. På denne bakgrunn vart kvo-

ten for 2009 fastsett til 885 vågekval, av dette ein felleskvote på 750 i dei kystnære småområda.

Sidan dette er første året i ein ny femårsperiode, er det sett ein felles kvote for Nordsjøen og dei kystnære farvatna opp til Svalbard og Barentshavet utan å fordele kvoten på dei ulike forvaltningsområda. Dersom fangsten utviklar seg slik at fordelinga mellom forvaltningsområda blir skeiv, kan det rettast opp seinare i femårsperioden. Det kan også tenkjast at vitenskapkomiteen til IWC vil redusere talet på forvaltningsområde i 2009 og slik forenkle fordelingsspørsmålet.

2.4.2 Deltaking og regulering

Vågekvalfangsten blir driven med fartøy på 40 til 80 fot med eit mannskap på 4–8 personar. Fangsten føregår i Norsk økonomiske sone, i Fiskevernsona ved Svalbard, i Fiskerisona ved Jan Mayen og i internasjonalt farvatn (Smotthavet). Fangsten startar i april og blir avslutta i løpet av august/september. Alle fartøy har montert eit elektronisk overvakingssystem (ferdskrivar/«blå boks») som registrerer all fangstaktivitet. I tillegg er det korps av inspektørar som ser til at regelverket for fangsten

blir følgt. Fangarane må ta eit årleg kurs der avliving og sikkerheit står sentralt.

30 fartøy hadde i 2008 konsesjon (løyve) for kvalfangst. 27 fartøy leverte fangst, og det fartøyet som hadde størst fangst leverte 62 dyr. I snitt leverte fartøya 19,8 dyr. Totalt vart det fanga 535 kval med ei totalvekt på 698 tonn. Verdien av kvalkjøtet var på vel 22 millionar kr.

2.4.3 Internasjonal interesse og reaksjonar

Dei seinare åra har ikkje den norske kvalfangsten vekt nemnande interesse i den internasjonale opinion. Det er ro rundt norsk kvalfangst, og det er grunn til å tru at dette langt på veg kan forklarast med at Noreg understrekar så sterkt det vitenskaplege grunnlaget for forvaltninga. Noreg har høgt truverd som ressursforvaltar. Likevel opplevast manglande vitenskapleg haldning som ei utfordring for norske styresmakter, ikkje berre innanfor IWC, men også når sjøpattedyr vert drøfta i ei rekkje andre samanhengar.

Den nasjonale marknaden for vågekvalprodukt

Kvalprodukta blir i all hovudsak selde på innlandsmarknaden i form av kvalkjøt. Næringa er subsidiefri. Men lønnsmda er noko svekka. Dette heng saman med auka lønns- og drivstoffkostnader på fangstsida og konkurranse med andre kjøtprodukt.

Eksport

Det er berre Færøyane, Island, Japan, Peru og Noreg som lovleg kan handle med produkt av vågekval. Sidan både Færøyane og Island har eigen kvalfangst, og desse marknadane uansett er svært små, er den japanske marknaden den einaste som betyr noko utanfor Noreg. Følgjeleg ser norske eksportørar på den japanske marknaden som svært interessant.

Etter at regjeringa i 2001 opna for eksport av produkt av vågekval, har det vore arbeidd målretta for å få opna den japanske marknaden for kvalprodukt frå Noreg. Både Noreg og Japan reserverte seg då vågekvalen vart ført på Liste I under Den internasjonale konvensjonen om handel med trua dyre- og planteartar (CITES). Grunnen til reservasjonen er at vågekval ikkje er ein trua bestand, men tvert imot svært talrik i alle verdshav. Som følgje av dette var det i utgangspunktet ingen handelshindringar for eksport til Japan. Men til liks med Noreg, som har gått skrittvis fram i arbeidet med å normalisere alt som har med forvaltning av våge-

kval å gjere, har også Japan vore forsiktig med å utfordre opinionen. I tillegg kjem at Japan generelt set strenge kvalitetskrav til import av matvarer.

Sidan 2001 har det vore mange møte med japanske styresmakter for å få på plass kva krav eksportørane måtte tilfredsstille for å få produkt av kval inn på den japanske marknaden. Det er krav om at norske styresmakter må attestere at produkta kjem frå kval som er lovleg fanga, og at prøver av kvalane er tekne inn i DNA-registeret som Fiskeridirektoratet fører. I tillegg er det strenge krav til kva som er akseptable nivå for framandstoff som tungmetall og PCB. Det er difor krav om attest frå eit akkreditert laboratorium for at nivået av framandstoff ikkje overstig dei grensene som gjeld i Japan. På grunn av litt skilnad i analysemetodane i Noreg og Japan er grensene for tilletne nivå av framandstoff reelt sett lågare i Japan enn i Europa.

Eksport til Japan er i ferd med å komme i gang. Eit prøveparti som vart sendt i 2008 er no inne på den japanske marknaden. Framtidsutsiktene for eksport av kval til Japan er likevel framleis usikre. Norske styresmakter bør på denne bakgrunn framleis arbeide for ei normalisering av handelen med kvalprodukt mellom Noreg og Japan.

2.5 Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar

Regjeringa har sett i verk tiltak for å nå dei måla som det vart gjort greie for i St. meld. Nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk, og dei måla som kom fram under stortingsbehandlinga av meldinga. Regjeringa sine konklusjonar om status for framdrifta og tilrådingar om ytterlegare tiltak er følgjande:

- Bestanden av vågekval blir overvaka i samsvar med protokoll utarbeidet som ein del av IWCs forvaltningsprosedyre (RMP) og kvotane blir fastsette etter ein prosedyre utarbeidd av IWCs vitenskapskomiteé. Dette gjer at Noreg får tilslutning til bestandsestimata våre i vitenskapskomiteen og det er aukande internasjonal forståing for norsk kvalforvaltning.
- Ein elektronisk metode for fangstovervaking er utvikla og innført på alle fangstskutene. Lengda på fangstsesongen blir no fastsett i samsvar med ønskja frå næringa.
- Alternative metodar for overvaking av vågekvalbestanden er kontinuerleg under utgreiing. Inntil nye metodar viser seg vitenskapleg og økonomisk rekningsssvarande, og ny protokoll for bestandsovervaking er godkjent av IWCs

- vitskapskomité, skal noverande ordning med årlege teljetokt vidareførast.
- EU sin fastlåste motstand mot kvalfangst i IWC kan få mykje å seie for dei internasjonale rammevilkåra for norsk kvalpolitikk.
 - Regjeringa vurderer løpande kva organisasjon som er tenleg å nytte i det internasjonale samarbeidet om forvaltninga av kval.
 - Det er truleg ikkje bestandsgrunnlag etter RMP for fangst på nokon av dei andre store vandrande kvalartane i norske farvatn, men det er teikn på vekst i bestandane av spermkval, blåkval, finnkval og knølkval. Det er difor viktig at desse store kvalane saman med dei mest talrike mindre tannkvalane, blir overvaka.
 - Noreg bør ikkje gå i gang med forskingsfangst av andre kvalartar no. Ei grunngjeving for det er at det i dag ikkje er eit klart nok forskingsbehov for slik forskingsfangst.
 - Det blir arbeidd kontinuerleg med å skape kunnskapsgrunnlag og regelverk for økosystembasert kvalforvaltning. Ordninga med kvalobservatørar på økosystemtokt i Barentshavet skal vidareførast og utvidast til andre havområde.
 - Overvaking av bifangst av kval i norske fiskeri skal vidareførast og eventuelle behov for avbøtande tiltak blir vurdert løpande.
 - Norske styresmakter skal halde fram med å arbeide for at handel med kvalprodukt mellom Noreg og Japan blir normalisert.

3 Selfangstnæringa

3.1 Grønlandssel i Vestisen. Bestand og uttak

Med Vestisen meiner vi i hovudsak drivisområda i fiskerisona ved Jan Mayen og i havområda ved Jan Mayen utanfor Grønlands økonomiske sone og sørvest av Svalbard, og i tilgrensande område i Grønlands økonomiske sone og Islands økonomiske sone.

Det ligg føre ein serie utrekningar av ungeproduksjonen i Vestisen i perioden 1983–1991 basert på merking og gjenfangst. I 2002 vart produksjonen utrekna til om lag 98 500 ungar basert på teljingar frå helikopter og flyfoto. Dersom vi legg overslaga frå 1983–1991 og 2002 til grunn for ei framskrivning av bestanden, ville produksjonen i 2005 vere 106 000 ungar, tilsvarande ein bestand av eitt år gamle og eldre dyr på 618 000.

Tabell 3.1 viser kvotetilrådingane til ICES, dei fastsette kvotane og fangst av grønlandssel i Vestisen i perioden 1999–2008. Talet på dyr i kvoten blir rekna som eitt år gamle og eldre dyr. Kvotane kunne også takast som ungar etter dieperioden, men då slik at to ungar tilsvarar ein eitt år gammal eller eldre sel. Det internasjonale råd for havforskning – ICES – har laga framskrivningar av bestanden under ulike fangstalternativ. Utrekningane viser at likevektsfangsten (dvs. fangst som er på eit slikt nivå at det sannsynlegvis vil stabilisere bestanden over ein 10-årsperiode) for 2006 og framover er på 31 200 eitt år gamle og eldre dyr eller om lag det doble dersom fangsten blir teken som ungar. Fangstane etter 1982 har vore lågare enn utrekna likevektsfangst, og vi må difor tru at bestanden er i vekst, eller eventuelt stabilisert fordi han kan vere nær bereevna til økosystemet.

I 2007 vart det gjennomført ny teljing og modellering av bestanden. Totalbestanden i 2007 vart rekna til 756 200 dyr, fordelt på 109 800 ungar og 646 400 eitt år gamle og eldre dyr.

3.2 Grønlandssel i Austisen. Bestand og uttak

Med Austisen meiner vi områda aust for 20° aust i Russlands økonomiske sone.

Fem uavhengige russiske teljingar av ungeproduksjonen mellom 1998 og 2003 er nytta i modelleringa av bestanden. Dette viser ein produksjon i 2005 på 361 000 ungar og ein bestand av eitt år gamle og eldre dyr på 2 065 000.

I 2004 og 2005 vart ungeproduksjonen tald ved hjelp av visuelle observasjonar frå helikopter, og i 2006 og 2007 med fly. Ingen av desse teljingane har hatt den same kvaliteten som teljingane frå 1998–2003, og er heller ikkje tekne med i ICES si modellering av bestanden.

Tabell 3.2 viser kvotetilrådingane til ICES, dei fastsette kvotane og fangst av grønlandssel i Austisen i perioden 1999–2008. Uro kring statusen til bestanden gjer at han blir modellert med høgre ungedød enn andre bestandar, og det gir færre val for likevektsfangst. Bakgrunnen for dette er at det kan vere høge dødstal hos selungar, selinvasjonar på norskekysten, låge observerte reproduksjonsratar og stigande alder ved kjønnsmodning. Likevektsfangst for 2006 og åra framover, dvs. fangst på eit nivå som gjer det sannsynleg at bestanden stabiliserer seg over ein 10-årsperiode, er av ICES rekna til 78 200 eitt år gamle og eldre dyr eller eit

Tabell 3.1 Utvikling av kvotar og fangst av grønlandssel i Vestisen 1999–2008

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
ICES kvotetilråding grønlandssel	17 000	17 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	31 200	31 200	31 200
Norsk kvote grønlandssel	17 000	17 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	31 200	31 200	31 200
Fangst grønlandssel	570	12 321	2 992	1 228	2 277	9 895	7 205	3 304	7 827	1 263

Tabell 3.2 Utvikling i kvotar og fangst av grønlandssel i Austisen 1999–2008

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
ICES kvote-tilråding grønlandssel	21 700	27 700	53 000	53 000	53 000	45 100	45 100	78 200	78 200	78 200
Totalkvote grønlandssel	21 701	27 701	53 001	53 001	53 001	45 100	45 100	78 200	78 200	55 000
Norsk kvote grønlandssel	5 000	5 000	5 000	5 000	10 000	10 000	10 000	10 000	15 000	10 000
Norsk fangst grønlandssel	1 139	6 357	5 200	2 348	5 298	0	10 506	10 023	6 153	0

omrekna ungetal (der 2,5 ungar tilsvarar éin eldre sel).

Alle teljingar etter 2003 tyder på ein betydeleg reduksjon i ungeproduksjonen. Russiske forskarar meiner at det kjem av at det årlege isdekket i Kvitsjøen blir mindre og varer kortare. Under forhandlingane i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen i St. Petersburg i oktober 2007 foreslo difor den russiske part ein mellombels reduksjon av kvoten til 45 100 eitt år gamle og eldre dyr med same omrekningsfaktor til ungar som før. Frå norsk side understreka vi at grønlandsselen si rolle i økosystemet gjer at rådgivingsnivået frå ICES bør oppretthaldast. Som eit kompromiss vart det bestemt at totalkvoten for grønlandssel i Austisen/Kvitsjøen skulle setjast til 55 000 eitt år gamle og eldre dyr der 2,5 ungar balanserer éin eldre sel.

Sidan 1982 har fangsten vore mindre enn utrekna likevektsfangst. Difor er det sannsynleg at bestanden kan vere nær bereevna til økosystemet i Barentshavet. Reduksjon i fødselsratar og stigande alder ved kjønnsmodning tyder også på det.

3.3 Klappmyss i Vestisen. Bestand og uttak

Bestanden av klappmyss i Vestisen vart sterkt redusert frå slutten av 1940-talet og fram til rundt

1980. Denne nedgangen kom hovudsakleg av overutnytting. Etter 1980 ser det ut til at bestanden har stabilisert seg på eit lågt nivå som truleg ikkje er meir enn vel 10 % av nivået for rundt 60 år sidan.

To nyare teljingar (1997 og 2005) viste ein ytterlegare nedgang på nærare 40 % i ungeproduksjonen frå 1997 (om lag 24 000 ungar) til 2005 (om lag 15 200). Ein modell basert på dei to teljingane viser ein produksjon på 16 900 ungar og ein bestand av eitt år gamle og eldre dyr på 71 400 i 2006.

Tabell 3.3 viser kvotetilrådingane til ICES, dei fastsette kvotane og fangst av klappmyss i Vestisen i perioden 1999–2008. Ved bruk av PBR-metoden (sjå boks 3.1) tilrådde ICES eit uttak av 5600 klappmyss for 2004 og 2005. Dette vart også kvotane for desse åra. På grunn av den låge ungeproduksjonen registrert i 2005 vart kvoten redusert til 4000 dyr i 2006. ICES konkluderte seinare med at sjølv med fangstposjonar utrekna med PBR-metoden (2200 dyr per år) ville det vere fare for at bestanden ikkje klarte å ta seg opp igjen, og i verste fall ville han bli ytterlegare redusert. ICES tilrådde difor at det ikkje skulle vere tillate å fange klappmyss i Vestisen frå og med sesongen 2007. Fangsten vart difor stogga frå og med 2007.

Nye teljingar i 2007 viste ein produksjon på 15 370 ungar, altså om lag som i 2005, og framleis svært lågt.

Tabell 3.3 Utvikling i kvotar og fangst av klappmyss i Vestisen 1999–2008

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
ICES kvotetilråding klappmyss	5 000	11 200	11 200	10 300	10 300	5 600	5 600	4 000	0	0
Norsk kvote klappmyss	5 000	11 200	11 200	10 300	10 300	5 600	5 600	4 000	0	0
Fangst klappmyss	4 084	1 871	3 828	7 120	5 283	4 851	3 786	3 632	0	0

Den siste sterke nedgangen i observert ungeproduksjon kjem truleg ikkje av fangstuttak. Klimatiske forhold har ført til endringar i utstrekning og kvalitet på drivisen i Vestisen. Vi kan difor ikkje sjå bort frå at dette har ført til at deler av klappmyssbestanden føder i andre område. Vi kan heller ikkje utelukke epidemiske sjukdomar, til dømes kvelpesjukevirus (PDV), som førte til at meir enn 50 % av steinkobben i Skagerrak døde i 1988. Ei anna forklaring kan vere *Brucella*-bakteriar som er påvist hos sel i Nord-Atlanteren. Denne bakteriegruppa er årsak til abortering hos landpattedyr.

På denne bakgrunnen har det heller ikkje for sesongane 2008 og 2009 vore opna for fangst av klappmyss.

3.4 Aktuelle prinsipp og data for framtidig forvaltning av ishavssel (grønlandssel og klappmyss)

Stortingsmelding nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk har som berande prinsipp at det ikkje skal vere høve til fangst på nokon bestandar utan at det ligg føre estimat for kor stor bestanden er. Etter at den meldinga ble lagt fram har havressurslovas forvaltningsprinsipp og dei supplerande bestemmelsene i forslaget til naturmangforldlov styrka ramma for ei berekraftig forvaltning av bestandane. Som ein del av dette trengst eit regelverk for korleis bestanden skal forvaltast når ein har informasjon om bestanden. I avsnitta 3.4.1–2 diskuterer vi eit regelverk som ICES foreslår og eit norsk forslag til bruk av dette regelverket på grønlandsselen i Vestisen.

3.4.1 ICES sitt rammeverk for forvaltning av sel og krav til bestandsdata

ICES har foreslått å klassifisere selbestandar etter kor gode bestandsdata som ligg føre (boks 3.1), og har utarbeidd eit rammeverk for forvaltning av sel basert på føre-var-prinsippet (sjå boks 3.2) med krav om tidsintervall for oppdatering av bestandsestimater for å sikre mest mogleg oppdatert kunnskap når forvaltningstiltak skal setjast i verk. Utan ei slik regelmessig oppdatering av datagrunnlaget vil ikkje ICES gi tilrådingar om kvotar.

For å bruke det foreslegne regelverket til tilråding om kvotar, krev ICES at det skal liggje føre oppdatert informasjon om storleiken og formeiringsevna til bestanden. Det vil seie at bestanden kan klassifiserast som data-rik. Dersom bestanden ikkje er data-rik foreslår ICES eit meir varsamt regelverk (sjå boks 3.1).

Boks 3.1 Data-rik versus data-fattig bestand

For at ICES skal rekne ein bestand som data-rik må det liggje føre regelmessig overvaking av storleiken og formeiringsevna til bestanden. For grønlandssel og klappmyss tyder det at det må liggje føre tre uavhengige teljingar med akseptabelt presisjonsnivå av ungeproduksjonen kvart femtande år. Teljingane skal vere fordelte slik at det er maksimum åtte år mellom kvar teljing. Formeiringsevna må undersøkjast minimum kvart femtande år.

Er bestanden klassifisert som data-rik kan fangskvotar reknast ut med konvensjonelle modellverktøy.

Er bestanden data-fattig, skal det nyttast eit strengare forvaltningsregime og føre-var-prinsippet skal leggjast til grunn for fangstoppsonane. ICES tilrår at ein heller brukar ein meir forsiktig metode når ein reknar ut moglege fangstoppsonar, såkalla potensielt biologisk uttak («Potential Biological Removal», PBR). Det er opphavleg utvikla under USAs Marine Mammal Protection Act, som blir nytta for å berekne om utilsikta bifangst av sjøpattedyr er berekraftig i høve til storleiken på bestanden.

For tida oppfyller verken klappmyss i Vestisen eller grønlandssel i Vestisen og Austisen krava til å bli klassifisert som data-rik. Norsk ansvarsområde ligg først og fremst i bestandane av grønlandssel og klappmyss i Vestisen, medan bestanden av grønlandssel i Austisen blir overvaka i samarbeid med Russland. For både grønlandssel og klappmyss er bestandsovervakinga basert på teljing av ungar og totalbestanden blir utrekna ved hjelp av modellar. For å overvake formeiringsevna til bestandane krevst det særlege undersøkingar.

Grønlandssel i Vestisen blir no klassifisert som data-fattig fordi datagrunnlaget for reproduksjonen av bestanden er frå rundt 1990. Innsamling av nye reproduksjonsdata frå grønlandssel i Vestisen starta i 2008 og blir komplettert i 2009. For grønlandssel i Austisen finst det oppdatert informasjon om både ungeproduksjon (2008) og reproduksjonsparameter (2006) – likevel blir bestanden inn-til vidare klassifisert som data-fattig på grunn av den uavklarte situasjonen kring resultatane frå seinare års ungeteljingar. Desse tilhøva må avklarast før ICES kan opne igjen for klassifiseringa data-rik.

Boks 3.2 ICES sitt rammeverk for føre-var-forvaltning av selbestandar.

Rammeverket skil mellom data-rike og data-fattige bestandar. For data-rike bestandar, som bestanden av grønlandssel i Vest-Atlanteren for tida er karakterisert som, er rammeverket bygd rundt fire referansepunkt. Desse er:

N_{max}	Maksimal storleik på bestanden
N_{70}	70 % av maksimal storleik på bestanden
N_{50}	50 % av maksimal storleik på bestanden
N_{lim}	30 % av maksimal storleik på bestanden

N_{70} og N_{50} er begge å sjå som føre-var-punkt medan N_{lim} er å sjå som eit grensepunkt. ICES har ikkje noko forslag til ressursuttak dersom ein selbestand er større enn N_{70} . Bestanden blir då halden for å vere i god forfatning og forvaltarane må i eit slikt tilfelle kunne bestemme uttaket uavhengig av biologisk rådgiving. Men dersom bestanden er mindre enn 70 % av maksimal storleik foreslår ICES at kvoteuttaket må vere så lågt at bestanden på sikt vil komme over N_{70} . Dersom bestanden er mindre enn 50 % av maksimal storleik, skal det årlege uttaket føre til at bestanden på føreseieleg sikt kjem over N_{70} . Og dersom bestanden er lågare enn N_{lim} , altså mindre enn 30 % av maksimal storleik, bør bestanden fredast.

3.4.2 Norsk forslag om forvaltning av grønlandssel i Vestisen

I kjølvatnet av St.meld. nr. 27 (2003–2004) sette Fiskeridirektoratet ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Norges Fiskarlag, Havforskningsinstituttet, Sametinget, Fiskeri- og kystdepartementet og Fiskeridirektoratet for å vurdere framtida til selfangsten. Gruppen skisserte ein

mogleg forvaltningsmodell for ishavssel og brukte bestanden av grønlandssel i Vestisen som eksempel. Gruppen tok utgangspunkt i eit rammeverk for forvaltning av sel utarbeidd av ICES, og konstaterte at ICES ventar at bestanden av grønlandssel i Vestisen blir halvert dersom fangstnivået blir sett til to gonger likevektsfangst gjennom ein 10-årsperiode. Likevektsfangsten etter ei slik nedbygging av bestanden vil vere usikker fordi veksttempoet kan endrast når bestanden er vorten lågare. Det er like fullt ein risiko for at likevektsfangsten etter ei bestandsnedbygging vil vere betydelege lågare enn fangsten i nedbygingsperioden. Arbeidsgruppen tilrådde eit fangstuttak av grønlandssel i Vestisen som reduserer bestanden, men som ikkje fører til store endringar i kvotar frå år til år.

Dersom vi går ut frå at dagens bestandsnivå for grønlandssel i Vestisen (756 200 dyr) tilsvarar maksimumsnivået (N_{max}) vil rammeverket utvikla av ICES gi eit innebygd mål om ein bestandsstorleik på 529 000 dyr (N_{70}). Arbeidsgruppen foreslo at det langsiktige bestandsmålet for grønlandssel i Vestisen skulle setjast til N_{70} . Gruppen sitt forslag til kvotefastsetjing (oppdatert til dagens bestandstal) er vist i tabell 3.4.

Ved bestandsnivå over 529 000 dyr skal den årlege totalkvoten likevel ikkje endrast med meir enn 25 % frå fangsten året før, medan ei slik avgrensing ikkje gjeld ved bestandsnivå under 529 000 dyr. Uttaksmønsteret skal vere som i åra før. Forslaget er basert på at 25 % av fangsten skal vere dyr som blir rekna som eitt år eller eldre, medan 75 % av fangsten skal vere ungdyr.

Norske styresmakter bad ICES vurdere den foreslegne forvaltningsstrategien. ICES konkluderte med at så lenge grønlandsselbestanden i Vestisen blir klassifisert som data-fattig så er ikkje strategien aktuell. Så snart bestanden igjen kan klassifiserast som data-rik er strategien relevant og i prinsippet akseptabel. Dei fangstnivåa det er framlegg om må justerast – slik fangstnivåa no er presenterte tek dei ikkje høgde for usikkerheit i bestandsestimata og kan såleis ikkje seiast å vere i tråd med etablerte føre-var-prinsipp. Dersom eit

Tabell 3.4 Reglar for kvotefastsetjing av grønlandssel i Vestisen foreslått av ei arbeidsgruppe oppnemnt av Fiskeridirektoratet. Tala er oppgraderte til dagens bestandsnivå

Bestandsstorleik (1 år +)	Årleg totalkvote
Større enn 529 000	2 x likevektsfangst
Mellom 370 000 og 529 000	0.75 x likevektsfangst
Mellom 265 000 og 370 000	0.5 x likevektsfangst
Mindre enn 265 000	0 (freding)

fangstnivå på 2 x berekraftig uttak vart lagt inn i dag, ville bestanden kunne bli redusert ned til N_{70} i løpet av 5–6 år, noko som gjer at årlege kvotar måtte reduserast betydeleg (truleg meir enn 25 %) over kort tid. Likeeins vil dei fangstnivåa som er foreslått for ein bestand under N_{70} innebere uforholdsmessig lang restaureringstid dersom målet var å komme opp til N_{70} igjen (10 – 40 år). Dersom ein fangststrategi av den typen norske styresmakter foreslår skal implementerast for ein data-rik bestand av grønlandssel i Vestisen, vil ICES tilrå at fangstnivået inneber

- at bestanden – dersom han er større enn N_{70} – med 80 % sannsyn vil halde seg over N_{70} over ein tiårsperiode
- at bestanden – dersom han er over N_{50} og under N_{70} – med 80 % sannsyn vil auke til N_{70} over ein tiårsperiode
- at bestanden – dersom han er over N_{lim} og under N_{50} – med 80 % sannsyn vil auke til N_{50} over ein tiårsperiode.

Dersom målet er å bringe bestanden ned mot N_{70} vil modellbasert utrekning av eit jamt minkande fangstnivå vere meir i tråd med føre-var-prinsippet enn eit fangstnivå på 2 x berekraftig uttak. Med den foreslegne uttaksstrategien er det viktig at bestanden blir overvaka nøye slik at følgjene av uttaket kan dokumenterast med nye data.

På spørsmål frå norske styresmakter om kor liten ein selbestand kan vere og samtidig gi eit berekraftig uttak, svarte ICES at det er avhengig av kva forvaltningsmål ein har for den aktuelle bestanden. Dersom ein ønskjer eit berekraftig uttak av ein viss storleik for å halde oppe ein fangstaktivitet, så kan ICES rekne ut kva bestandsnivå som krevst til eit slikt gitt uttak. Dersom grønlandsselen i Vestisen vart redusert til N_{70} -nivå (som med dagens bestandsstorleik ville innebere eit punkttestimat på 529 000 dyr) viser modellutrekningar at eit berekraftig fangstuttak ville liggje på rundt 20 000 dyr.

Dersom målet er å redusere bestanden til eit så lågt nivå som råd er utan at bestanden kjem i fare, så har ICES definert ei kritisk nedre grense (N_{lim} , som er rundt 30 % av maksimal storleik. Sjå boks 3.2) – ytterlegare reduksjon til nivå under dette kan gi alvorlege og ikkje-reversible verknader. Dersom grønlandsselbestanden i Vestisen var på dette kritiske nedre nivået (som med utgangspunkt i dagens bestandsstorleik ville vere 229 000 dyr) ville ein ikkje kunne ta ut meir en rundt 1000 dyr i året, men ICES ville på dette bestandsnivået ha tilrådd full fangststopp.

3.5 Førebuing til økosystembasert forvaltning

Det er eit sentralt element ved overgangen til økosystembasert forvaltning å utnytte dei ulike ledda i næringskjeda på ein slik måte at økosystemet gir størst mogleg avkastning utan at funksjonen til økosystemet eller strukturen blir endra. Det vil seie at vi ønskjer å hauste av artar som kan nyttast kommersielt utan at produksjonen eller det biologiske mangfaldet til økosystemet blir redusert.

Det er ofte nødvendig med gode modellar for å forstå økosystemet sin funksjon, og matematiske modellsimuleringar er nødvendige for å få gode vurderingar om verknader av ulike haustingsalternativ. Det er i praksis uråd å innarbeide alle økosystemkomponentane i slike modellar. Det gjeld å velje ut dei viktigaste komponentane og modellere dei. Då er det ofte tenleg å leggje vekt på bestandar som har stor produksjon på lågare ledd i næringskjeda og bestandar med stor biomasse i høgre nivå i næringskjeda.

Grønlandssel både frå Vestisen og Austisen beiter i Barentshavet. Sjølv om delar av bestandane beiter andre stader utgjer grønlandssel i Barentshavet ein stor biomasse og bør innarbeidast i økosystembasert forvaltningsmodellar.

Det er vist at dietten til grønlandsselen skifter med ulike årstider og endrar seg etter kva byttedyr som er tilgjengelege. Endringane i diett betyr også at grønlandsselane vekslar mellom nivåa i næringskjeda. Det betyr at det er viktig å samle data om næringsvalet til grønlandsselen gjennom året og i år med mykje lodde og i år med lite lodde. Til no ligg det føre mest data frå periodar med lite lodde.

Havforskningsinstituttet arbeider kontinuerleg med å utvikle modellverktøy og med å samle inn empiriske data for å nytte dei i modellane. Under forhandlingane i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen hausten 2006 vart det utarbeidd planar for eit norsk-russisk forskingsprogram, blant anna med satellittmerking av grønlandssel i Kvitsjøen. Det er venta at dette startar i 2009 og det vil gi heilt ny kunnskap om fordelinga av sel i havområda i år med mykje lodde. Slike data i kombinasjon med data frå Havforskningsinstituttet sine økosystemtokt vil vere grunnleggande for å vurdere den økologiske rolla til grønlandsselen.

3.5.1 Selinvasjon

Når ein bestand veks ut over sin naturlege storleik og bereevna til økosystemet dermed sviktar, trer naturlege mekanismar i form av sjukdom og utvandring inn. I 1987 hadde vi ein invasjon av

grønlandssel langs kysten av Finnmark. Ved ein eventuell framtidig selinvasjon vil regjeringa setje av midlar for å avgrense skadar og innverknad på næringsverksemd langs kysten.

3.6 Økonomiske rammevilkår og deltaking i fangsten

3.6.1 Fangstresultat

Den norske selfangsten etter ishavssel i Austisen og Vestisen er etter 2004 førd vidare etter følgjande to hovudprinsipp:

- Auka lønnsemd slik at det blir attraktivt å drive selfangst.
- Auka fangst ut frå eit fleirbestandsperspektiv (økosystembasert forvaltning).

Det har vore brukt ulike typar verkemiddel for å nå desse måla, men også etter 2004 har det vore nødvendig å tilføre næringa betydelege offentlege midlar som følgje av svak lønnsemd.

Tabell 3.5 framstiller den overordna fordelinga av stønaden til norsk selfangstnæring dei siste fem åra. Hovudtyngda av stønaden har gått til selfangstskutene, men tilskot er også gitt til produktutvikling, investeringar om bord på fartøya og samarbeidsprosjekt med russiske aktørar i Kvitsjøen.

Utbetalt tilskot har variert mellom 11,1 mill. kr og 15,9 mill. kr, medan talet på fangsta dyr har variert mellom 1263 og 21 497. I tillegg til disponeringane presentert i tabell 3.5 blir det sett av midlar som går til økonomisk kompensasjon ved fangst av kystsel. Kompensasjonsordninga blir nærare omtalt i eit eige kapittel om kystsel.

I perioden 1999–2003 deltok tre fartøy i selfangsten. Talet auka til fire i 2004 og seks i 2005 og 2006. Men fartøya var gamle og det varierte kor veileigna dei var til formålet. I 2007 deltok fem fartøy, men berre eitt gjekk i isen i 2008. Årsakene til dette er mellom anna høgre bunkersprisar, fall i marknadsprisane på skinn og val av alternative og meir lønnsame oppdrag i same periode.

I 2009 har tre fartøy delteke i selfangsten i Vestisen. Førebelse tal viser at fartøya har fangsta 8437 sel. Kva som vil bli endeleg tilskot er ikkje avklart før dei siste sluttavrekningane frå fartøya er levert. Siste frist for innlevering er 31. august 2009. Sidan fangst- og tilskotstala enno ikkje er klare, er derfor ingen av tabellane oppdaterte med 2009-tal.

Det er kapitalkrevjande å drive store fartøy med isklasse, og det er framleis vanskeleg å oppnå ein fangstverdi som gjer selfangst økonomisk interessant.

Tabell 3.6 viser ei meir detaljert oversikt over inntekter og tilskot til selfangstnæringa frå 2000 og fram til 2008. For å stimulere til verdiskaping i selfangsten og full kvoteutnytting i Austisen og Vestisen, har det også etter 2004 vore lagt til grunn eit todelt stønadsopplegg med eitt fast tilskot og eitt variabelt tilskot. Det faste tilskotet skal bidra til å dekkje kostnadene ved å utruste fartøya til selfangst, medan det variable tilskotet skal stimulere til fangst.

Som oppstillinga viser har tilskot i prosent av totalinntekta til fartøya lege mellom 70 og 80 prosent i perioden. Dei siste tre åra har tilskotsdelen vore høgre enn i dei tre føregåande åra.

Figur 3.1 viser utviklinga i prisar på dei viktigaste typane av skinn frå selungar frå 1994 til 2009.

Tabell 3.5 Den overordna fordelinga av selfangststønaden 2004–2008

Totalt ishavssel		2004	2005	2006	2007	2008
Total fangst Vestisen og Austisen	Tal på dyr	14 746	21 497	17 037	14 043	1263
Tal på fartøy som deltok		4	6	6	5	1
Sum fangstinntekt	1000 kr.	4 440	3 861	4 740	2 542	377
Tilskot fartøyleddet	«	9 681	13 272	13 958	11 558	1 677
Tilskot mottaksleddet (Tromsø)	«	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Tilskot mottaksleddet (Kvitsjøen)		0	0	500	500	5 000
Tilskot produktutvikling ¹	«	0	0	0	900	0
Tilskot investeringar om bord ²	«	0	0	0	0	3 075
Sum tilskot ishavsselfangst Vestisen og Austisen	«	11 181	14 772	15 958	14 458	11 252

¹ To selskap har søkt og fått tilsegn om i alt 900.000 kr. i tilskot.

² Tre reiarlag har fått tilsegn om i alt 3.075.000 kr. i tilskot.

Det var ein stabil auke i prisane for alle produkt fram til 2006. Etter 2006 har prisane falle mykje. For 2007 og 2008 er det ikkje ført opp pris på blueback sidan det ikkje var kvote på klappmyss desse åra. For 2009 kjem det fram ein pris på klappmyss fordi skinna frå 400 dyr avsette til forskningsformål kan omsetjast i den kommersielle marknaden.

I tabell 3.7 er inntekter og tilskot til fangsten i Austisen og Vestisen delt opp for å vise skilnadene mellom fangstområda. Det går fram av tabellen at


oppnådd fangstverdi i Vestisen ligg vesentleg over fangstverdien i Austisen. Særleg i 2004 og 2006 vart det oppnådd gode fangstverdiar i Vestisen, men etter 2006 har fangstverdien falle mykje og tilskotsdelen har auka. Hovudårsaka til dette er forbodet mot fangst av blueback og kraftig nedgang i skinnprisane for 2007 og 2008. Desse faktorane, kombinert med høgre bunkersprisar og val av alternative oppdrag i same periode, resulterte i at berre eitt fartøy deltok i norsk selfangst i 2008.

Tabell 3.6 Total fangst og fangstinntekt frå ishavs-selfangsten 2000–2008.

		2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Fangst Vestisen	Tal på dyr	14 279	6 812	8 343	7 560	14 746	10 991	6 951	7 890	1 263
Fangst Austisen ¹	«	6 357	5 200	2 348	5 298	0	10 506	10 086	6 153	0
Total fangst	«	20 636	12 012	10 691	12 858	14 746	21 497	17 037	14 043	1 263
Fangstverdi skinn ²	1000 kr.	714	1 387	3 813	3 102	3 167	2 398	3 004	1 354	135
Fangstverdi spekk	«	353	382	281	213	192	341	516	341	20
Fangstverdi kjøtt	«	1 478	985	988	971	1 080	1 122	1 219	847	222
Fangstverdi anna	«	173	119	0	0	0	0	0	0	0
Sum fangstinntekt	«	2 718	2 873	5 082	4 286	4 440	3 861	4 740	2 542	377
Tilskot	«	10 911	9 404	11 514	11 889	9 681	13 272	13 958	11 558	1 677
Total inntekt	«	13 629	12 276	16 596	16 175	14 121	17 133	18 698	14 100	2 054
Tilskot i prosent		80	77	69	74	69	77	75	82	82

¹ Ex. den nye 2008-fangsten i Kvitsjøen med russiske fartøy

² Ikkje alle skinna av vaksne dyr fanga i denne perioden er omsette.



Figur 3.1 Prisutvikling skinn frå selungar 1994–2009 (nominelle prisar)

Tabell 3.7 Fartøytilskot mellom aust og vest

Fartøytilskot Vestisen		2004	2005	2006	2007	2008
Total fangst Vestisen	Talet på dyr	14 746	10 991	6 951	7 890	1 263
Sum fangstinntekt	1000 kr.	4 440	2 971	4 139	1 830	377
Tilskot fartøyleddet	«	9 681	6 000	10 683	8 520	1 677
Sum inntekt fartøy Vestisen	«	14 121	8 971	14 822	10 350	2 054
Tilskot i prosent		69 %	67 %	72 %	82 %	82 %

Fartøytilskot Austisen		2004	2005	2006	2007	2008
Total fangst Austisen	Talet på dyr	0	10 506	10 086	6 153	0
Sum fangstinntekt	1000 kr.	0	890	601	712	0
Tilskot fartøyleddet	«	0	7 272	3 275	3 038	0
Sum inntekt fartøy Austisen	«	0	8 162	3 876	3 750	0
Tilskot i prosent		0 %	89 %	84 %	81 %	0 %

I 2004 vart det ikkje fanga sel frå norske fartøy i Austisen. I perioden 2005–07 vart det tekne mange dyr per fartøy i Austisen samanlikna med nivået i Vestisen, men fangsten har i hovudsak vore vaksne dyr utan særleg kommersiell verdi. Bakgrunnen for dette er at norske fartøy ikkje får komme inn i russisk 12-millsoner der dei lønnsame ungdyra i hovudsak er å finne. Resultatet av denne vaksendyrfangsten er at dei dyra som ikkje kan omsetjast kommersielt har blitt destruerte. Ein slik type fangst der ressursar går til destruksjon er ikkje etisk forsvarleg. Dette resulterte også i fleire medieoppslag i 2006.

Regjeringa vedtok difor i 2008 å ikkje gi tilskot til den ordinære selfangsten i Austisen slik den fangsten hadde føregått i seinare år, men heller gi meir stønad til samarbeidsprosjekt med russiske aktørar for fangst inne i Kvitsjøen, altså innanfor russisk 12-millsoner. Dette er i tråd med eitt av dei foreslegne tiltaka i St.meld. nr. 27 (2003–2004). Desse prosjekta blir nærare omtalte nedanfor.

Regjeringa har vidare gitt stønad til produkt- og marknadsutvikling både på fartøy- og mottakssida, og til investeringar om bord på fartøya dei siste åra. Dette blir også omtala nærare nedanfor.

På mottakssida har Rieber Skinn AS vore einaste aktive kjøpar av alle produkt frå den norske fangsten dei seinare åra. Det er dermed ingen konkurranse om råstoffet. Rieber sitt mottaksanlegg i Tromsø er berre opne for å ta imot produkt frå norsk fangst. Det årlege tilskotet har vore 1,5 mill. kr dei siste fem åra (jf. tabell 3.1). Departementet

gir støtte til drifta av anlegget bl.a. for å halde oppe ein beredskap i tilfelle nye selinvasjonar.

3.6.2 Deltakarregulering

M.a. som følge av at fleire fartøy er gamle og ikkje optimalt utrusta for selfangst har departementet sett arbeidet med å opprette ei konsesjonsordning på vent. Departementet regulerer difor framleis kva fartøy som kan delta i fangsten gjennom ei årleg forskrift om tilgang til å delta i fangst av sel i Vestisen og Austisen. Forskrifta stiller krav om løyve for å delta og fortel kva vilkår som må oppfyllest for å kunne få tildelt løyve.

Ei slik årleg regulering av deltakinga er meir fleksibel for forvaltninga enn ei ordning med konsesjonar utan tidsavgrensing, fordi ho gjer det enklare å justere vilkåra når ressursgrunnlaget, samfunnsøkonomiske omsyn eller andre forhold tilseier det. I selsektoren har det vore ønskeleg med ein slik fleksibilitet, samtidig som forvaltninga også vil ta omsyn til aktørane sitt behov for stabile rammevilkår. Det er ikkje grunn til å tru at dette har hatt noko å seie for talet på fartøy som har deltatt.

Det er eit vilkår for å delta at fartøyet er eigna og utrusta til å drive selfangst. M.a. må fartøyet vere godkjent av Mattilsynet for slaktning, nedskjering av kjøt, salting av kjøt og elles oppfylle dei krav som er stilt til hygiene.

Frå 2008 vart det innført eit nytt vilkår om at fartøy som skal delta i selfangsten må ha frysekapasi-

tet og kapasitet for ombordbehandling som er eigna til å sikre at råvarene blir utnytta på ein økonomisk tenleg og tilfredsstillande måte. Vilkkåret kom i tillegg til det meir generelle vilkkåret om at fartøyet må vere eigna og utrusta for selfangst, og innebar ei innskjerping i høve til tidlegare år. Vilkkåret kom som ein følgje av dårleg lønnsemd i næringa og skulle bidra til meir effektiv økonomisk drift og dermed auka lønnsemd.

Eitt av dei fire fartøya som det vart søkt om løyve for i 2008 fekk avslag ut frå det nye vilkkåret fordi fartøyet ikkje var utrusta til å ta vare på både skinn og kjøt på ein tilfredsstillande måte.

3.6.3 Ordningar for stønad til produktutvikling og investeringar for effektivisering om bord på fartøya

Produktutvikling er ein føresetnad for å skape ei lønnsam selnæring så fram det finst ein marknad som er villig til å betale tilstrekkeleg god pris for dei produkta som blir utvikla. Per i dag har det vore gjort ei rekkje nyvinningar med utvinning av selolje. Selolje blir ekstrahert frå selspekket og vidare raffinert. Oljen inneheld betydelege mengder av marine omega-3-feittsyrer.

Eit selskap på Sunnmøre har dei siste åra arbeidd med å utvikle produkt av selolje, og no satsar også fleire andre selskap på dette marknadssegmentet. Framveksten av seloljeindustrien blir rekna som ei av dei største suksesshistoriene knytt til utnyttinga av selråstoff.

Som tabell 3.5 viser er det gitt stønad til to prosjekt for marknads- og produktutvikling dei siste fem åra. I forkant av sesongen 2008 vart det oppretta ei tilskotsordning til investeringar om bord på selfangstfartøy. Opprettinga av ordninga var eit forsøk på å bidra til å auka lønnsemda til fartøya og effektivisere fangsten.

Målgruppa var eksisterande fartøy, og formålet var auka lønnsemd ved

- investeringar i fangsteffektiviserande tiltak for auka fangst
- investeringar for å auke verdien av fangsten

Ordninga vart retta mot fangst i Vestisen og mot aktørar som hadde delteke i fangst med eige fartøy i eitt av dei siste tre åra før søknadstidspunktet. Tre av søkjarane fekk tilsegn om tilskot på i alt 3 075 000 kroner til ulike langsiktige tiltak retta mot fangsteffektivisering på fartøya og betre handtering av produkta og auka råstoffverdi.

I 2009 er det gitt tilsegn om 295 000 kr til eit forprosjekt for auka kommersiell utnytting av selkinn. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom

eigarar av selfangstskuter, og har som formål å forsøke å kommersialisere skinn som i dag ikkje kan nyttast kommersielt. I dette forprosjektet skal derfor 500 skinn frå lurv, sadler og brunsel konserverast og lagrast. I fase to er det planlagt å utvikle ulike skinnkvalitetar og marknader for produkta. Ei mogleg målgruppe er husflidsprodusentar og andre som ønskjer å kjøpe skinn til eigenproduksjon eller vidare sal.

3.6.4 Samarbeidsprosjekt i Russland

Rieber Skinn AS med samarbeidspartnarar har dei siste åra gjort ein innsats for å få i gang fangst av sel innanfor russisk 12-millsone i Kvitsjøen. Selane gjennomfører kasta i islagde område i Kvitsjøen, og det er difor mogleg å utføre ein effektiv fangst med småbåtar og med allereie kjende metodar i norsk og canadisk fangst.

Arbeidet starta med eit pionerprosjekt i 2006, som vart vidareført i 2007. Formålet med prosjektet var kompetanseoverføring mellom norske og russiske interesser. Fiskeri- og kystdepartementet, Fiskeri- og havbruksnæringas forskingsfond og Sjøpattedyrprogrammet i Innovasjon Noreg bidrog med tilskot til prosjektet.

Fiskeri- og kystdepartementet medverka med 0,5 mill. kr i 2006 og 2007 (jf. Tabell 3.5) Fangstutbyttet vart magert, men gjennomføringa bidrog, etter selskapet si mening, til å innhente nyttige erfaringar og kunnskap som det kunne byggjast vidare på for neste års sesong.

For sesongen 2008 ønskte Rieber Skinn AS å auke aktiviteten sin i Kvitsjøen, og det vart planlagt fleire parallelle prosjekt for å gjere det mogleg å fangste 30 000 dyr. Desse planane innebar ei mikrokredittordning for å få i gang småbåtfangst, leige av to til tre større russiske fartøy, omflagging av eit norsk selfangstfartøy til russisk fangst og oppretting av eit produksjonsanlegg i Arkhangelsk. Vidare kom Innovasjon Noreg (IN) inn som medeigar i prosjekta, og det vart etablert eit felles selskap, White Sea Innovation (WSI), samt eit russisk datterselskap for å forenkla dei administrative prosessane. IN eig 1/3 av WSI.

Totalt vart det ytt 5 mill. kr i tilskot til Rieber Skinn AS sine prosjekt for 2008 (jf. tabell 3.5). det var viktig i denne samanhengen at den russiske fiskerikomiteen var positiv til aktiviteten.

Fangstutbyttet i 2008 vart på 13 500 sel. Dette var lågare enn budsjettet, men hovudsaka var at eitt av dei leigde fartøya låg 12 dagar fast i isen i den beste fangstperioden. Den planlagde fangsten med småbåtane kom heller ikkje i gang, samtidig som prosjektet med å flagge om eit norsk fartøy

ikkje vart fullført. Det er seinare signalisert frå russisk side at prosjektet med omflagging ikkje kan realiserast etter nytt russisk regelverk.

Rieber Skinn AS peiker på at sjølv om fangstutbyttet ikkje vart slik ein venta så er det oppnådd andre gjennombrøt i desse prosjekta. Mellom anna er det hausta erfaring når det gjeld kartlegging av kasteområde med fly, det har vore god utvikling i kunnskapsoverføringa til russiske selfangarar, det er produsert fleire fangstbåtar ved russiske verft, den russiske ressursavgifta på sel er redusert til akseptable nivå, det er toll- og kostnadmessig avklart at russiske skinn kan bereiast i utlandet for så å førast til Arkhangelsk for sal til den russiske marknaden, mottaksanlegget i Arkhangelsk er testa og det viste seg at produksjonen gjekk som føreset.

For sesongen 2009 planla difor WSI å vidareføre prosjekta i Kvitsjøen. Fiskeri- og kystdepartementet stilte då til disposisjon inntil 6 mill. kr i risikoavlasting til prosjekta. Men WSI har deretter vedteke å ikkje gjennomføre aktiviteten i 2009. Det heng mellom anna saman med altfor seine avklarings om kvotespørsmål og at den økonomiske ramma ikkje kunne seiast å vere forsvarleg. Det blir samtidig rapportert frå Russland at det er innført et forbod mot fangst av sel under eitt år i perioden 10. mars til 1. mai, og totalforbod mot fangst av ho-sel. Dette forbodet inneber at det ikkje kan fangstast på svartunger, lurv og svartbak i fangstperioden.

Vidare har russiske styresmakter svart negativt på ein førespurnad frå norske styresmakter om den norske selkvoten på 7000 dyr i russisk økonomisk sone kan takast i Kvitsjøen av russiske fangarar i regi av WSI.

Sannsynlegvis ville dermed prosjekta i Kvitsjøen uansett ikkje kunne vorte gjennomførde som planlagt i sesongen i år. Samtidig stiller endringane frå russisk side næringa overfor heilt nye rammevilkår.

3.6.5 Rapport frå arbeidsgruppe

I 2005 sette Fiskeridirektoratet ned ei arbeidsgruppe som skulle komme med forslag til korleis lønnsmda for selfangstfartøya kunne komme på eit tilfredsstillande nivå gjennom endring av rammevilkåra. Gruppa hadde representantar frå Norges Fiskarlag, Havforskningsinstituttet, Sametinget, Fiskeri- og kystdepartementet og Fiskeridirektoratet. Gruppa leverte rapporten sin 16. august 2006.

Med tanke på å auke lønnsmda i næringa drøfta gruppa bruken av kvotebonus i andre fiskeri eller ein langsiktig avgiftsfinansiert selfangst.

Modellen for avgiftsfinansiering føreset at det blir lagt ei årleg avgift på det ordinære fisket og at inntektene blir nytta til å støtte selfangsten. Eit tredje alternativ som det er forslag om er ei samfinansiering mellom næring og styresmakter.

Konklusjonen til arbeidsgruppa er at for å nå målet er ein berekraftig og bedriftsøkonomisk fangst er ein langsiktig avgiftsfinansiert selfangst det beste alternativet. Medlemmene i gruppa frå Havforskningsinstituttet, Sametinget, Fiskeri- og kystdepartementet og Fiskeridirektoratet meiner at avgifta bør leggjast på førstehandsomsetninga i norsk fiske, medan medlemen frå Norges Fiskarlag meiner det er eit statleg ansvar å finansiere auka selfangst.

Etter at rapporten låg føre kom Norges Fiskarlag med ei høyringsfråsegn som understrekar at verken kvotebonus eller avgift er eigna løysingar, men staten bør setje av midlar til eit fond som skal dekkje fleire års satsing både når det gjeld subsidiar og langsiktige tiltak.

Sidan arbeidsgruppa ikkje stod samla bak framlegga i rapporten, og næringa gjennom Norges Fiskarlag si høyringsfråsegn har understreka at framlegga ikkje er nokon eigna løysingar, har regjeringa valt å ikkje følgje opp dei foreslegne tiltaka.

3.6.6 Vurderingar

Resultata frå fangsten dei siste fem åra viser at norsk selfangstnæring, trass i betydelege statlege overføringar og satsingar, framleis er ulønnsam og avhengig av offentlege tilskot. Lønnsmda på fartøynivå er generelt sett svak, og fleire av fartøya har svak eigenkapital i tillegg til høge lån. Dette svekkjer høvet til å gjere framtidsretta investeringar.

Det er mange årsaker som har medverka til den negative utviklinga. Mellom anna har fangstforbodet på klappmyss ført til eit lågare innteningspotensial for fartøya, samtidig som skinnprisane har falle mykje sidan 2006. Samtidig bidreg forbodet mot fangst av selungar i Russland til at det blir vanskelegare å utvikle selfangsten i Austisen.

Sidan 1991 er det gitt store tilskot frå staten for å halde selfangsten i gang. Jamt over har dei statlege overføringane utgjort over 80 prosent av dei samla inntektene til næringa. Det var ein viss optimisme i næringa i åra rundt framlegginga av den førre stortingsmeldinga, og i 2002 og 2004 var stønadsdelen nede i 69 prosent. Men utviklinga dei siste åra viser at næringa framleis er langt unna eit mål om å bli uavhengig av offentleg stønad. Samtidig er det mange eksterne faktorar som medverkar til at framtidsutsiktene ikkje ser lyse ut. Mykje er

framleis usikkert om klappmyssbestanden og det blir arbeidd med forbod mot sal av selprodukt i EU (jf. kapittel 3.7).

Det var lenge ei oppløftande utvikling i samarbeidsprosjekta med russiske aktørar i Kvitsjøen. Men endringane i rammevilkåra frå russisk side som er nemnde ovanfor, har ført til at selfangsten i Kvitsjøen no står overfor nye avgrensingar og utfordringar. Likevel har Rieber Skinn AS hausta gode erfaringar som vil komme til nytte dersom det på ny blir grunnlag for norsk-russiske samarbeidsprosjekt i Kvitsjøen.

Regjeringa sitt overordna mål er at det skal haustast berekraftig av alle dei marine ressursane, medrekna også selbestandar i god stand.

Regjeringa har det siste tiåret vridt selfangststønaden i retning av ein meir verdibasert stønad, men likevel er resultatet nedslåande. På denne bakgrunn, og sidan erfaringa frå selfangsten i Vestisen har vist at fleirtalet av dei interesserte fartøya ofte ser seg betre tent med alternativ verksemd denne korte perioden, må det stillast spørsmål ved om selfangsten i Vestisen har så mykje å seie at han framleis skal subsidierast.

Regjeringa legg til grunn at det likevel er sterke omsyn som talar for at Noreg framleis bør leggje til rette for selfangst i Vestisen. Sel utgjer ein ressurs som kan og bør utnyttast. Selen er eit betydeleg element i økosystemet som det bør haustast av. Norsk selfangstnæring har kunnskap og erfaring som bør haldast ved like, utviklast og vidareførast til nye generasjonar. Det er framleis ein viss marknad for sel og produkt av sel, og når det gjeld helseprodukt er det interessante moglegheiter for utvikling, jf. Kap. 5 .

Regjeringa ønskjer på denne bakgrunn å oppretthalde stønadsordningar til fangst i Vestisen.

Regjeringa ønskjer vidare å gi stønad til samarbeidsprosjekta i Austisen dersom dei kjem i gang igjen. Det er den talrike bestanden av grønlandssel i Austisen som i hovudsak står for beitinga på dei kommersielle fiskebestandane til Noreg og Russland. Frå eit fleirbestandsperspektiv er det dermed i desse områda ein reduksjon av selbestandane i størst grad kan medverke positivt til fiskebestandane, og det kan resten av fiskerinæringa dra nytte av.

Arbeidet med å utvikle ei sjølvberande russisk selfangstnæring kan bidra til auka uttak av den talrike bestanden av grønlandssel i Kvitsjøen. Dette gjer det mogleg å utnytte og bearbeide selråstoff, samtidig som det fremmar arbeidsplassar for lokalbefolkninga i område rundt Kvitsjøen med behov for næringsutvikling. Prosjekta har dermed fram-

leis eit potensial til framtidsretta økonomiske aktivitet i nord.

Men forbodet mot fangst av selungar i Russland f.o.m. 2009 fører til ei vesentleg endring i rammevilkåra for vidare satsing på aktivitet i Austisen. Det er per i dag usikkert om forbodet som er fastsett for 2009 vil bli permanent. Det er framleis ikkje kjent for norske styresmakter kva som er årsaka til forbodet, men frå enkelte hald blir det sagt at forbodet er innført på grunn av ein usikker bestandsituasjon for grønlandssel, men også delvis på bakgrunn av fangstmetodane som er nytta i den russiske fangsten.

For regjeringa er difor fangst av sel i Austisen framleis næringsmessig interessant dersom russiske styresmakter på eit seinare tidspunkt vil opne for fangst av svartungar, lurv og svartbak. Regjeringa vil følgje nøye med på utviklinga i Russland, og ei eventuell framtidig støtte til fellesprosjekt med russiske aktørar må vurderast i lys av utviklinga og om dei norske og russiske aktørane er interesserte i å vidareføre fellesprosjekta.

3.7 Handel med selprodukt

3.7.1 Framtidig tilgang til EU-marknaden for selprodukt

Forbod mot selfangst er ei merkesak for ulike interessegrupper i Europa. Motstanden kjem m.a. til uttrykk gjennom vedtak i Europarådet, Europaparlamentet (EP) og på nasjonalt nivå. Europarådets parlamentariske forsamling retta 17. november 2006 ei oppmoding til alle selfangstnasjonar om å forby jaktmetodar som ikkje inneber augneblinkeleg og smertefri avliving og å forby bruk av våpen som hakapik, køller og skytevåpen for å bedøve dyr under jakta.

Den 16. mars 2007 vedtok Belgia forbod mot framstilling og omsetting av alle typar selprodukt. Nederland innførte 4. juli 2007 forbod mot handel med produkt av grønlandssel og klappmyss. Andre land som Tyskland og Italia, arbeider med å innføre tilsvarende forbod. Europaparlamentet vedtok 26. september 2006 ei erklæring der dei ber Europakommisjonen om å forby all import, eksport og handel i EU med produkt av klappmyss og grønlandssel, med unntak for inuittane sin tradisjonelle fangst.

Motstandarane sitt hovudargument for eit forbod er at fangstmetodane påfører selen uakseptabel smerte, angst og anna liding. Kritikken er særleg retta mot bruk av slagvåpen som hakapik etc. Motstanden vil få verknad for handelen med selprodukt m.a. fordi den har resultert i at Kommisjo-

nen har foreslått å regulere handelen med selprodukt i EU.

3.7.2 Europakommisjonens forslag til forordning for handel med selprodukt

Europakommisjonen la 23. juli 2008 fram eit forslag til forordning om handel med selprodukt som svar på framlegget frå Europaparlamentet. Forordninga innfører eit generelt forbod mot all handel (omsetning, import, eksport og transitt) med alle former for selprodukt (skinn, olje og kjøt) i EU. Forordninga gir likevel unntak for selprodukt frå fangst som inuitsamfunna utfører i samsvar med sine tradisjonar, og som bidreg til å oppretthalde livsforma deira. Dette unntaket er avgrensa til fangst til sjølvbergning (subsistens).

Forordninga opnar også for å gi unntak frå forbodet for selprodukt frå statar som har lovgiving og kontrollmetodar som skal sikre at selen er avliva og flådd på ein etisk forsvarleg måte. Styresmaktene må dessutan handheve regelverket effektivt. Det er også eit vilkår at ein aksepterer eit sertifiseringssystem som sikrar at selprodukt skal kunne identifiserast, anten ved eit sertifikat eller via ei merkeordning når ein meiner det er nødvendig.

Forordninga føreset separate gjennomføringsregler som førebels ikkje er utarbeidde av Kommisjonen. Desse reglane vil m.a. gi nærare føresegnar om korleis vilkåra kan oppfyllest.

Kommisjonen si eiga vurdering er at utkastet til forordning er i samsvar med EUs skyldnader under WTO-avtalen.

Kompromissforhandlingar mellom parlamentet, Rådet og Kommisjonen har ført til einigheit om eit de facto forbod mot import av selprodukt til EU. Det vil bli gjeve unntak for inuittar og andre urfolks fangst. Vidare blir transitt tillate. Selprodukt frå fangst under berekraftig forvaltning kan omsettas i EU så fram det ikkje skjer med sikte på økonomisk vinning. Utkastet til forordning er no behandla i Europaparlamentet (5. mai) og skal no behandlas av Ministerrådet. Tidsplanen for prosessen tyder på at det kan komme eit vedtak i andre halvdel av 2009.

Det er prinsipielt nytt at det i internasjonal handel blir sett bestemte krav til behandling og avlivning av dyr. Dette har såleis verknad langt utover handelsaspektet i seg sjølv. Forordninga påverkar direkte eller indirekte høvet vårt til sjølv å avgjere på kva måte vi vil forvalte og hauste dei levande marine ressursane i havet.

3.7.3 Konsekvensar av EUs forordning for handelen med selprodukt

Den norske skinnindustrien sitt behov for selskinn blir ikkje dekkja av den norske selfangsten. Industrien er heilt avhengig av skinn frå andre kjelder, i hovudsak Canada og Russland. Mesteparten av skinnprodukta blir omsette i Russland og ein mindre del i Austen. EU betyr først og fremst noko som transittområde for den internasjonale handelen med selskinn. I tillegg er tilgangen til motemeser i EU-området viktig for å vise fram skinnprodukta. EU blir også vurdert som ein potensielt viktig marknad for helseprodukt av selolje.

Så lenge det endelege regelverket ikkje ligg føre er det vanskeleg å kome med ei detaljert vurdering av konsekvensane for norsk selnæring. Vi må gå ut frå at EU-marknaden vil bli lukka for kommersiell omsetning av eksisterande og framtidige selprodukt som for eksempel selolje. Om forbodet trer i kraft vil dei internasjonale rammevilkåra for norsk selfangstnæring bli vesentleg endra, noko som vil kunne påverke gjennomføringa av norsk sjøpattedyrpolitikk.

Skinnindustrien ser ingen realistiske alternativ til EU som transittområde. Sidan transitt er regulert i utkastet til forordning føreset dette at sendingane tilfredsstillar krava til unntak. Dersom ein eller fleire av dei viktigaste handelspartnarane ikkje får unntak vil det ha alvorlege konsekvensar for norsk bearbeidingsindustri.

Noreg har i denne saka samarbeidd nært med Canada, mellom anna i WTO, der vi i fellesskap har teke opp dei ulike forboda som brot på EU sine plikter etter WTO-avtalen.

Regjeringa legg stor vekt på å dei prinsipielle sidene av denne saka og vil følgje opp eit eventuelt forbod i høve til WTO.

3.8 Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar

Regjeringa har sett i verk tiltak for å nå måla som det vart gjort greie for i St.meld. nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk, og dei måla som kom fram under stortingsbehandlinga av meldinga. Regjeringa sine konklusjonar om status for framdrifta og tilrådingar om ytterlegare tiltak er følgjande:

Bestandsovervaking og -forvaltning

- Det er gjennomført teljing av bestandane i Vestisen i 2006 og 2007. Resultata er innarbeidde i råd om kvotefastsetjing.
- Utkast til forvaltningsplanar med langsiktige mål for bestandsutviklinga er utarbeidd og lagt fram for evaluering av ICES.
- Grønlandsselen i Vestisen er truleg på sitt maksimale nivå og bestandstilveksten er stoppa opp. Bestanden er liten samanlikna med bestanden i Austisen. Tiltak for å regulere mengda av grønlandssel som beiter på fiskefeltet i Barentshavet vil ha størst verknad dersom dei er retta inn mot den talrike bestanden i Austisen.
- Fangstane av klappmyss har vore små dei seinare åra og den siste halveringa av ungeproduksjonen kjem truleg ikkje av fangsten. Årsaka til den negative utviklinga kan skuldast reduksjon i areal av eigna drivis eller sjukdomstilstandar i bestanden. Forsking på årsakene til nedgangen i bestanden bør intensiverast, blant anna for å sikre bevaring av bestanden.
- For klappmyss, der bestanden truleg berre er om lag 5–6 prosent av opphavleg storleik, skal fredinga vidareførast til bestanden viser gjenvekst. Målet er å kunne ha ein bestand som gir eit stabilt fangstutbytte.
- Ved ein mogleg framtidig selinvasjon, slik som den vi hadde av grønlandssel langs kysten av Finnmark i 1987, vil regjeringa setje av midlar for å avgrense skadar og innverknad på næringsverksemd langs kysten.
- Overvaking av storleiken på bestandane og reproduksjonsevna skal vidareførast slik at bestandane av grønlandssel og klappmyss i Vestisen kan klassifiserast som data-rike etter terminologien nytta av ICES.
- Arbeidet med innsamling av data for bruk i økosystembasert forvaltning skal vidareførast og styrkast. Det er særleg viktig å leggje vekt på den romlege utbreiinga av grønlandsselen i høve til kommersielle fiskeslag i Barentshavet.

- Det er eit mål å halde oppe selfangsten i Vestisen.
- Stønaden til selfangsten skal rettast mot prosjekt som gir størst mogleg avkastning i form av lønnsemd og økosystembasert verknad.

Økonomiske rammevilkår

- Den økonomiske stønaden frå staten har teke sikte på å leggje til rette for ei lønnsam næring ved støtte til produktutvikling, vidareforedling og investeringar i fangstteffektiviserande tiltak.
- Fartøystønaden har vore utforma slik at han så langt råd er har vore verdibasert.
- Resultata frå den norske selfangsten dei siste fem åra viser at næringa framleis er ulønnsam og avhengig av offentleg stønad.
- Det har vore ytt støtte til samarbeidsprosjekt med russiske selskap med sikte på auka selfangst i Austisen. Prosjektet hadde lenge ei positiv utvikling, men endringane i rammevilkåra på russisk side frå og med 2009 har ført til at det framover er avgrensa høve til selfangst i Austisen.
- Stønaden til å oppretthalde norsk fangst i Vestisen skal vidareførast. Stønaden skal sikte mot å leggje til rette for ei lønnsam næring og skal vere verdibasert.
- Stønaden til selfangst i Austisen skal vidareførast i form av støtte til samarbeidsprosjekt med russiske selskap for auka uttak av sel i Austisen dersom dette igjen blir aktuelt. Formålet med stønaden er å medverke til ei sjølvberande selfangstnæring i Kvitsjøen.
- Eventuell stønad til samarbeidsprosjekt må difor sjåast i lys av utviklinga i rammevilkåra på russisk side.

Handel med selprodukt

- Regjeringa vil motarbeide EUs foreslegne forordning. Det er vedteke at Noreg skal be om tvisteløysingskonsultasjonar i WTO så snart som forordninga er formelt vedteke i Ministerrådet i EU.

4 Forvaltning av kystsel

4.1 Forvaltning

Vi reknar havert og steinkobbe som kystsel, og dei lever året rundt i koloniar spreidde langs norskekysten. Historisk har kystsel vore ein ettertrakta ressurs. Under og etter andre verdskrigen var jaktpresset særleg hardt og det var hovudsakleg ungar som vart tekne. Kjøtt, spekk og skinn vart utnytta. Som følgje av denne jakta gjekk bestandane kraftig tilbake på 1950-tallet. Etter lokalt press vart haverten freda i 1953 i Sør-Trøndelag, steinkobbe vart freda i Tjøtta kommune i Nordland frå 1962 og begge artane vart freda ved Orskjæra og Ravnane i Møre og Romsdal frå 1966.

Fiskeridirektoratets havforskningsinstitutt gjennomførte ei landsomfattande registrering av kystsel på 1960-talet. Instituttet slo alarm fordi bestandane var reduserte og steinkobben var i ferd med å bli utrydda i heile Sør-Noreg. Frå 1973 vart all sel totalfreda i Sør-Noreg frå Østfold til Sogn og Fjordane. Samtidig vart det innført sesongfreding i tida 1. mai til 30. november frå Møre og Romsdal til Finnmark. Det vart ikkje sett krav til deltaking i jakta eller til rapportering av fangst for perioden mellom 1. desember og 30. april i desse fylka.

Frå og med 1997 vart det innført krav om registrering av jegerar og plikt til innrapportering av fangst. Samtidig vart det innført ei ordning med årlege kvotar og jakttider. Fiskeridirektøren fastset kvotane og hentar inn råd frå fiskerinæringa og andre næringsaktørar gjennom Sjøpattedyrrådet. Fordelinga av kvotane er delegert til Fiskeridirektoratets regionkontor. Frå og med 2010 blir denne oppgåva overført til fylkeskommunen. Kvotar og rapportert fangst er vist i tabell 4.1.

Frå og med 2003 vart det etablert ei ordning med utbetaling av kompensasjon for innsending av kjevar frå felling av kystsel. Formålet var å bidra til

å sikre at kvotane vart tekne og samstundes få samla inn biologisk materiale som grunnlag for selforskning. Tabell 4.2 viser utviklinga i innsende kjevar og utbetalningar.

Det blir utbetalt kompensasjon på 500 kr (f.o.m. 2006 auka til 700 kr) til felling av havert langs heile kysten. Steinkobbe blir kompensert f.o.m. Møre og Romsdal t.o.m. Finnmark med 500 kr. Kompensasjonen er meint å dekkje utgiftene til fangst, slaktning, emballering og innsending av selkjevar til havforskninga. Årsaka til at talet på innsende kjevar

Tabell 4.1 Fastsette kvotar og rapportert fangst av steinkobbe og havert sidan årlege kvotar og rapporteringsplikt vart innført i 1997. I tillegg druknar om lag 400 steinkobbar og 200 havertar årleg som bifangst i fiskereiskapar.

År	Steinkobbe		Havert	
	Kvote	Fangst	Kvote	Fangst
1997	230	60	260	36
1998	242	83	319	34
1999	370	308	373	130
2000	438	359	625	176
2001	508	466	625	105
2002	508	412	355	110
2003	949	457	1186	353
2004	949	549	1186	302
2005	989	614	1216	379
2006	750	660	1536	329
2007	860	905	1186	456
2008	860	900*	1040	458*
2009	860		1040	

* Førebels tal

Tabell 4.2 Utbetalt kompensasjon havert og steinkobbe 2003–2008

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Havert (tal på kjevar innsendt)	274	248	296	350	412	439
Steinkobbe (tal på kjevar innsendt)	37	130	150	440	660	722
Utbetalt kompensasjon havert + steinkobbe (i 1000 kr)	156	189	223	465	618	596

ikkje samsvarar med fangstala i tabell 4.1 kan i hovudsak forklarast med at jegerane også må rapportere tal på fangst av dei selane dei ikkje fekk tak i under fangsten (forsvunne i havet).

Frå 2005 vart det innført føresegner som gav personar som ikkje er norske statsborgarar høve til å delta i jakt på kystsel. Føresetnaden for å få eit slikt løyve er at den som søker kan dokumentere å ha gjennomført skyttarprøve, og at vedkomande har følgje av ein norsk statsborgar med løyve til å drive seljakt. I 2005 vart det rapportert om i underkant av 40 søknader frå utanlandske jegerar, medan tala i åra etter har vore 2 søknader i 2006, 13 i 2007 og 14 i 2008. Deltakinga frå utanlandske jegerar er såleis ein svært liten del av det samla talet på løyve som kvart år blir tildelte for å delta i jakt på kystsel.

4.2 Bestandsovervakning og bestandsutvikling

Frå 1996 er det etablert standardisert metodikk for overvakning av kystsel (sjå boks 4.1). Teljingane rullerer slik at ein dekkjer heile norskekysten i løpet av femårsperiodar. Fordi metodikken er standardisert og kan repeterast, gir det grunnlag for tidsseriar som viser trendar i bestandsutviklinga. Tidlegare teljingar kan ikkje samanliknast med teljingane etter 1996. Men registreringane på 1960-talet resulterte i eit overslag på om lag 4000 steinkobbar og mellom 2500 og 3000 havertar. Etter freddinga i 1973 voks bestandane, og etter press frå fiskerinæringa gjennomførte Fiskeridirektoratet eit fellingsprogram i perioden 1980–87. Til saman vart over 1200 steinkobbar og 900 havertar avliva. Ei ny landsomfattande teljing viste bestandar på 3600 steinkobbar og 3100 havertar på slutten av 1980-talet.

Dei første landsdekkjande teljingane av både havert og steinkobbe med standardisert, moderne metode vart gjennomført av Havforskningsinstituttet i 1996–1999 og resulterte i eit overslag på 4400 havertar og 7500 steinkobbar.

I 2003–2006 vart det gjennomført ei ny landsdekkjande teljing av steinkobbe med same metode som resulterte i eit overslag på om lag 6700 dyr. Dette er ein tilbakegang på 800 dyr samanlikna med 1996–1999.

Nye teljingar av havert vart gjennomført hausten 2008. Førebels resultat tyder på ein årleg vekst på om lag 3,3 % dei siste 10 åra.

Boks 4.1 Metodar for teljing av kystsel

Det blir nytta fly, og alle kjende opphaldsplassar for kystsel blir fotograferte og bilda blir analyserte i ettertid. Haverten føder kvitungar og ungene ligg på land i 2–3 veker til den kvite, langhåra pelsen har skifta til mørk, korthåra pels. Det er kvitungane som blir talde. Teljingane blir difor gjennomførde i forplantningssesongen frå oktober til desember. For å få eit estimat av bestanden av eitt år gamle og eldre dyr må ein multiplisere med ein faktor frå 3,8 til 4,6.

Steinkobben føder ungar i juni og ved fødselen har ungene allereie fått ein korthåra, mørk pels. Dei er i stand til å gå i vatnet få timar etter fødselen og er difor vanskelege å telje. Steinkobbane har hårfelling i august og då ligg dei meir på land enn i resten av året. Teljingane av steinkobbe blir difor gjennomførde i hårfellingstida. Det er likevel alltid nokre individ som til eikvar tid er i vatnet. Åtferdsstudiar i hårfellingstida gjer det mogleg å korrigere for dette, og 7500 hårfellande steinkobbar (som vart registrert i 1999) tilsvarar ein totalbestand på om lag 10 000 individ.

Bruk av korreksjonsfaktorar inneber likevel ekstra usikkerheit. I forvaltningssamheng er det ikkje nødvendig å kjenne totalbestanden. Tidsseriar som viser trendar i ungeproduksjon (for havert) og talet på hårfellande dyr (for steinkobbe) er godt eigna for å gjennomføre høvelege tiltak.

4.3 Forholdet til fiskeria

Kystsel vekkjer sterke negative reaksjonar mange stader i Noreg. Lokalt kan kystselen opplevast som eit problem og ei plage med konsekvensar for livskvalitet og yrkesutøving. Dette er omsyn som må balanserast mot pliktene våre knytt til langsiktig, berekraftig og heilskapleg forvaltning av det marine livet. Sentralt i denne balansegangen står formidlinga av kunnskap, både om korleis kystselen blir opplevd langs kysten og om dei metodane som blir nytta og den kunnskapen forvaltninga har om selbestandane. Det blir med jamne mellomrom hevda at det er meir sel langs kysten enn det forskarane kan påvise med sine metodar. Det er viktig

å sikre at forskinga har tillit og at forvaltningstiltak dermed blir oppfatta som kunnskapsbaserte.

Det er fleire grunnar til at kunnskapsgrunnlaget om kystselbestandane våre bør styrkjast.

Skaden som kystselen gjer for fiskeria kan grupperast i tre kategoriar: 1) skade på reiskapar og fanga fisk, 2) selen sitt konsum av kommersielle fiskeslag og 3) spreiring av parasittar (kveis) til fisk. Fiskereiskapar påverkar også selbestandane. Eit overvåkingsprogram etablert av Havforskningsinstituttet viser at det kvart år druknar om lag 400 steinkobbar og 200 havertar i fiskereiskapar.

Selen tek fisk som er fanga i garn eller ruser. I tillegg til tapt eller skada fangst er selen også årsak til skadar på reiskapen med påfølgjande tap av fangst og kostnader til reparasjon. Omfanget av slike skadar er ikkje dokumentert. Dersom ein skal få til målretta tiltak som reduserer skadane trengst det kunnskap om kva skadar det gjeld, omfanget av skadane og eventuell spesialisering hos enkeltindivid. Det føreset samarbeid mellom fiskerinæringa og forskinga, og i forvaltninga vil det bli gjort endå meir for å få dette til.

Havforskningsinstituttet har nyleg gjort utrekningar om det samla matkonsumet til steinkobben og haverten langs norskekysten. Utrekningane er baserte på diettdata innsamla frå fleire område langs kysten, og bioenergetisk modellering av selen sitt matbehov. Resultata viser at steinkobbe (justert til ein bestand på 10 000 dyr) totalt et rundt 13 000 tonn fisk årleg og havert rundt 14 000 tonn. Konsumet av kysttorsk er rekna til 300 tonn for steinkobbe og 4000 tonn for havert.

Eit betydeleg problem knytt til kystsel, særleg havert, er rolla dei har som vertsdyr for ein parasitisk rundorm som har larvestadium i fisk. I fisk blir slike rundormar kalla kveis. Kveis er ei fellesnemning for fleire artar av parasittiske rundormar i fisk. Nokre artar blir spreidde frå blant anna fugl, kval og frå andre fiskar. Det er likevel den arten som spreier seg frå selen som har størst kommersiell innverknad fordi han sit i muskulaturen til fisken (filetane) og reduserer verdien av fisken ved at fisken blir mindre eigna til fersk omsetning eller som frosenfisk. For at denne kveisarten skal spreie seg må selen ete botnfisk, og problema med kveis auka betydeleg i 1970-åra etter samanbrotet i bestanden av norsk vårgytande sild samtidig som kystselbestandane voks etter fredinga i 1973.

4.4 Utarbeiding av forvaltningsplanar

Havforskningsinstituttet vil i 2009 utarbeide forslag til forvaltningsplanar for kystselartane. Utkast til

forvaltningsplanar vart lagt fram for Sjøpattedyrrådet 22. oktober 2008. Rådet sa seg einig i utkasta og tok til etterretning at hovudkonklusjonane i forvaltningsplanane får ei politisk behandling ved framlegginga av denne meldinga. Hovudelementa i forvaltningsplanane, dvs. mål, strategiar og tiltak, er attgjevne nedanfor.

4.4.1 Forvaltningsmål

St.meld. nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk og Stortinget si behandling av denne meldinga gir føringar, men ingen kvantitative skildringar av mål eller tiltak. Følgjande politiske føringar er relevante for etablering av forvaltningsmål og -strategiar:

- Målet til regjeringa er å oppretthalde utbreiinga av kystselen og sikre livskraftige bestandar innanfor dei naturlege utbreiingsområda deira.
- Bestandstilveksten av kystsel skal regulerast for å avbøte skadar for fiskerinæringa mv., samtidig med at vi bevarer livskraftige bestandar av steinkobbe og havert basert på vitenskapleg rådgiving.

Kystselen har ein eigenverdi som eit viktig og naturleg element i kystfaunaen vår. Noreg har forplikta seg til å verne mangfaldet i norsk natur, blant anna gjennom konvensjonen om biologisk mangfald. I praktisk forvaltning må regjeringa likevel vege ønsket om bevaring av livskraftige selbestandar til gagn for friluftsliv, naturoppleving og jakt opp mot ønsket om å redusere skadeomfang på lovleg næringsverksemd (primært fiskeri og havbruk) i kystsona. Denne avveginga inneber avgjerder som på den eine sida kan få konsekvensar for næringsverksemda. Det må vurderast kor store økonomiske belastningar for kystnæringane som er politisk akseptable. På den andre sida inneber avveginga også ein politisk aksept for den risiko forvaltningstiltaka kan medføre for den langsiktige bevaringa av selbestandane. Det er samla sett ønskjeleg å minimalisere problema med kystselen samtidig som vi held oppe ein livskraftig selbestand.

4.4.2 Forvaltningsstrategiar og tiltak

Det må fastsetjast mål for kor store bestandar av sel som sikrar regjeringa sitt mål om å bevare livskraftige bestandar på lang sikt i dei naturlege utbreiingsområda samtidig som skadeomfanget for fiskerinæringa er avgrensa. Jakt er eit eigna tiltak for å styre bestandane mot dette bestandsni-

Tabell 4.3 Strategiar for å forvalte bestandane av kystsel i høve til politisk fastsette målnivå for bestanden. Aktuelle tiltak er jaktkvotar som blir fastsette etter storleiken på bestanden kombinert med aktiv bruk av habitatvern for å beskytte små og minkande bestandar av kystsel, særleg steinkobbe.

Bestandsstorleik	Tiltak
Større en målnivået	Samla uttak større enn likevektsfangst, inntil 1.5 gonger likevektsfangst
Lik målnivået	Samla uttak lik likevektsfangst
Mellom målnivået og 70 % av målnivået	Samla uttak lik 70 % av likevektsfangst
Mellom 70 % og 50 % av målnivået	Samla uttak lik 50 % av likevektsfangst
Mindre enn 50 % av målnivået	Nullkvote
Mindre enn 50 % av målnivået og minkande	Nullkvote i kombinasjon med avgrensa ferdsl og anna uro i fødeområda

vået. Dei bestandsregulerande tiltaka må vere slik at dei har størst verknad i område der det er dokumentert at kystselen har vesentleg skadeverknader for fiskerinæringa.

Det er ein føresetnad at måla for bestandsstorleiken (målnivået) ligg fast over lengre tid, slik at resultatet av jakta verkar inn på bestandsutviklinga. Likevel må målnivået kunne justerast etter ny kunnskap om skade for fiskerinæringa, nye teljingar og nye miljøtruslar. Tabellen nedanfor viser strategiar for fastsetjing av tenlege forvaltningstiltak tilpassa bestandar på målnivået og på/mellom dei ulike referansenivåa. Som ein del av forvaltningsplanen skal det etablerast ein enkel forvaltningsprosedyre med ein algoritme for utrekning av kvotar basert på oppdaterte data om bestandsutvikling i høve til målnivået og uttak frå bestanden. Det vil seie at ein får ei gradvis opptrapping eller reduksjon av beskatningsnivået etter som bestandane er større enn (og eventuelt aukar) eller mindre enn (og eventuelt minkar) målnivået.

4.5 Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar

Regjeringa har sett i verk tiltak for å nå måla som det vart gjort greie for i St. meld. nr. 27 (2003–2004) Norsk sjøpattedyrpolitikk, og dei måla som kom fram under stortingsbehandlinga av meldinga. Regjeringa sine konklusjonar om status for framdrifta og tilrådingar om ytterlegare tiltak er følgjande:

- Arbeidet med forvaltningsplanar med langsiktige forvaltningsmål og strategiar som utløyser tilpassa tiltak er i slutfasen og vil bli fredigstilt etter at Stortinget har behandla denne meldinga.
- Det er opna for at utlendingar kan delta i jakt etter kystsel dersom jakta skjer under kyndig rettleiing.
- Etter framlegginga av St. meld. 27 (2003–2004) og fram til 2006 er bestanden av steinkobbe redusert med om lag 700 dyr. Grunnen er ein kombinasjon av jakt og utilsikta bifangst i fiskereiskapar. Bestandsreduksjonen på inntil 40 % er registrert i enkeltområde. Truleg har nedgangen halde fram med auka fart etter 2006. Såleis kan ein seie at dei politiske måla med forvaltninga som kom fram under diskusjonen i Stortinget av Stortingsmelding nr. 27 er oppfylte. Regjeringa tilrår ei tilpassing av kvotane slik at bestanden stabiliserer seg på det nivået han hadde i 2006. Dette nivået (som tilsvarar at om lag 7000 talde dyr i hårfellingsesongen) blir innarbeidd som langsiktig målnivå i forvaltningsplanane.
- Tiltaka for å avgrense veksten av havert har ikkje vore tilstrekkelege og bestanden har auka vidare med 3,3 % per år. Regjeringa foreslår høgare uttak slik at bestanden blir redusert og stabilisert på eit nivå som tilsvarar at 1200 ungar blir registrerte årleg. Støttemidlane vil bli tilpassa for å oppnå den ønska bestandsreguleringa.
- Bestandsteljingar med standard metode og overvaking av reproduksjonen til kystselen blir styrka, slik at begge selartane kan forvaltast som «datarike» etter terminologien til Det internasjonale råd for havforskning, ICES (sjå boks 4.1).
- Overvaking av bifangst av kystsel i norske fiskeri skal vidareførast.
- Genetisk samansetning av steinkobbeførekostane må kartleggjast slik at bestanden kan inndelast i tenlege forvaltningseiningar, og berekning av livskraftige bestandar for begge artane må baserast på dei beste tilgjengelege bestandsdata.

Boks 4.2 Overføring av oppgaver til fylkeskommunane

I Stortingsmelding nr. 12 (2006–2007) Regionale fortrinn – regional framtid foreslo regjeringa bl.a. å overføre forvaltninga av kystsel til det nye folkevalde nivået.

I det følgjande gjer vi greie for kva oppgaver knytte til kystselen som skal overførast til fylkeskommunane og kva oppgaver som framleis skal ligge i den statlege fiskeriforvaltninga (dvs. hos Fiskeri- og kystdepartementet og/eller Fiskeridirektoratet).

Forvaltning av kystsel skjer etter forskrift av 6. mai 1996 om forvaltning av sel på norskekysten, med heimel i lov 6. juni 2008 nr 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova).

Med Fiskeridepartementet sitt delegasjonsvedtak av 1. november 2000 fekk Fiskeridirektoratet kompetanse til å fastsetje totalkvotar for jakt på kystsel og til å endre føresegner i forskrifta om kvotane, jf. §§ 4–12, jf. også delegasjonsvedtak av 11. januar 2005 til å fastsetje og gjere endringar i forskrift om forvaltning av sel på norskekysten. Delegasjonsvedtaket inneber ikkje at Fiskeridirektoratet kan gjere endringar i forskrifta knytt til oppgåvefordelinga mellom fylkeskommunane og Fiskeridirektoratet.

Delegasjonsvedtaket av 1. november 2000 gir Fiskeridirektoratet også fullmakt til å fastsetje totalkvotane for jakt på kystsel, jf § 5. Kvotane blir fastsette ved årlege forskrifter etter forskrift av 6. mai 1996 om forvaltning av sel på norskekysten.

Kompetansen til å gi løyve til felling av kystsel er delegert til Fiskeridirektoratets regionkontor i ovannemnde forskrift § 5 første ledd. Etter denne føresegna kan Fiskeridirektoratet eller den direktoratet gir mynde etter søknad gi løyve til seljakt innanfor dei fastsette områdekvotane.

Fiskeridirektoratet fastset årlege instruksar til regionkontora om prosedyrane for behandling av søknader og tildeling av løyve.

På bakgrunn av ovannemnde instruks er regionkontora sine prosedyrar for behandling av søknader om løyve til å delta i jakt på kystsel følgjande:

- Elektronisk søknadsskjema skal fyllast ut og sendast per post saman med dokumentasjon på avlagt skyteprøve for storviltjegerar.

- Saksbehandling – undersøkje om vilkåra for å få tildelt løyve er oppfylt.
- Skrive ut løyve til å drive jakt i eit nærare oppgitt område innanfor ein områdekvote.
- Registrering av talet på felte dyr.
- Stoppe jakta når totalkvoten er teken.
- Eventuell førebuande klagebehandling til Fiskeridirektoratet.

Endringar

I St. meld. nr. 12 (2006–2007) foreslår regjeringa å overføre ansvaret for fordeling av kvotane på aktør/jaktlagnivå og ansvaret for å skrive ut løyve/lisensar til dei nye folkevalde regionane. Den enkelte region vil ut frå ei samla vurdering fordele kvotane på aktør/jaktlagsnivå ut frå det som gir ei mest mogleg effektiv hausting og størst verdiskaping.

Forslaget inneber at fiskeristyresmaktene set rammene for storleiken på og fordelinga av kvotane på steinkobbe og havert, og rammekriterium for teknisk forvaltning. Totalkvoten skal framleis fastsetjast sentralt av Fiskeridirektoratet og deretter fordelast til fylkeskommunane. Søknad om fellingsløyve skal sendast fylkeskommunane, som må klarere at søker oppfyller vilkår som er sette ved jakt av kystsel, før dei eventuelt gjer vedtak om fellingsløyve/lisens. Fylkeskommunane overtek også oppgåva med å registrere talet på felte dyr og stoppe jakta når regionkvoten er teken. Fiskeristyresmaktene vil framleis vere klageinstans.

Det ligg til grunn at fiskeristyresmaktene sitt forvaltningsansvar for kystsel står ved lag når det gjeld fastsetjing av totalkvote og fordeling til regionane, og at Fiskeridirektoratet sin kompetanse etter delegasjonsvedtak av 1. november 2000 og 11. januar 2005, blir vidareført. Kompetansen til å gi løyve til felling av kystsel, som i dag er delegert til Fiskeridirektoratets regionkontor etter forskrift av 6. mai 1996 om forvaltning av sel på norskekysten § 5 blir oppheva. Vedtak om desentralisering av forvaltningskompetanse for sel på norskysten gjer det også nødvendig med endringar i forskrift av 6. mai 1996 om forvaltning av sel langs norskekysten §§ 5, 8, 10 og 12.

- Fiskeri- og havbruksnæringa blir oppmoda om å samarbeide med forskarane om å konkretisere skadar kystselen påfører fiskeri- og havbruksnæringa og om metodar for å måle omfang og utbreiing av desse skadane.
- Når arbeidet med forvaltningsplanar er slutført skal det etablerast mekanismar
- for internasjonal evaluering av det vitenskaplege grunnlaget for forvaltningsråda.
- et er utgreiing i gang om ICES eller NAMMCO er moglege fora for slik evaluering.

5 Forskings- og rådgivingsbehov

5.1 Forskingsbehov

5.1.1 Bestandsforskning

Regjeringa legg til grunn at dei viltlevande marine ressursane skal forvaltast på ein heilskapleg, ansvarleg og langsiktig måte. I tråd med den nye havressurslova og forvaltningsprinsippet nedfelt i § 7 første ledd i lova pliktar styresmaktene jamt å vurdere kva slags forvaltningstiltak som er nødvendige for å sikre ei berekraftig forvaltning av ressursane.

Det er viktig at bestanden av vågekval blir overvaka i samsvar med protokollen utarbeidd som ein del av IWCs forvaltningsprosedyre (RMP), og at bestandane av grønlandssel, klappmyss, havert og steinkobbe skal overvakast slik at dei kan klassifiserast som data-rike etter terminologien som ICES nyttar (sjå boks 3.1). Spesifikke overvåkingsbehov er omtala i kapitla om kvalfangsnæringa, selfangstnæringa og kystsel.

Etter Sjøpattedyrprogrammet (1989–1994) har Noreg fått aukande internasjonal aksept for forskinga vår på sjøpattedyr. Det er viktig at bestandsovervakinga i Noreg oppfyller dei krav som internasjonale, rådgivande organ (ICES, NAMMCOs vitskapskomité og IWCs vitskapskomité) set til overvaking som skal nyttast i forvaltningsrådgivinga. Kvaliteten og omfanget av forskinga på bestandar av sjøpattedyr skal vidareførast.

5.1.2 Fleirbestands- og økosystemforskning

I førebuingane til økosystembasert forvaltning av sjøpattedyr er det ein føresetnad å styrkje forskinga om interaksjonar mellom miljøet og sjøpattedyr og mellom sjøpattedyr og fiskeressursar. I den samanhengen viser vi til forvaltningsplanane for Barentshavet og Norskehavet der endringar i samfunna av pelagiske kvalartar er identifisert som indikatorar på endringar i økosystema.

Økosystembasert forvaltning føreset auka innsats på innhenting av empiriske data frå godt planlagde feltundersøkingar. Det er særskild viktig å styrkje arbeidet med å kombinere felldata og økologisk teori til ein ny generasjon fleirbestands- og økosystemmodellar. I økosystemsamanheng vil

endringar i bestandar med store biomassar gi størst utslag, difor må desse prioriterast. I einkilde høve kan og artar med små bestandar høgt oppe i næringskjedene vere viktige for samanhengen. Barentshavet, der det føregår viktige fiskeri, er eit økosystem med få artar, men artar med stor biomasse. Lodda, som er svært viktig for energitraumen i næringskjedene, varierer ekstremt i mengde frå år til år. I Barentshavet er det store mengder av vågekval og grønlandssel og dei må prioriterast i fleirbestandsmodelleringa. Kvaldata og simultane ressurs- og miljødata frå tokta til Havforskningsinstituttet er viktige bidrag til dette arbeidet. Satellittsporing av grønlandssel i Barentshavet har vist seg å gi viktig kunnskap om selane sine næringssøk, og slik sporing må gjennomførast over fleire år med varierende mengde lodde. Internasjonalt samarbeid er vesentleg for datatilgang frå heile Barentshavet. Det same gjeld for Norskehavet og Nordsjøen.

Eit nært samarbeid mellom sterke forskingsmiljø ved universiteta og instituttsektoren vil styrkje arbeidet med å utvikle gode og brukelege fleirbestandsmodellar i ressursrådgivinga. Fiskeri- og kystdepartementet vil stimulere til slik samhandling gjennom sine løyvingar til fleirbestands- og økosystemforskning.

5.1.3 Dyrevelferd og dyrehelse

Både i fangst og jakt skal sjøpattedyr avlivast på ein måte som sikrar eit minimum av lidningar og stress før sjølve avlivinga. Noreg har vore leiande i å utvikle granatharpunen som kan avlive vågekvalen med det same. Denne moderne granatharpunen blir no nytta av USA i fangst av grønlandskval og av Grønland i deira fangst. For avlivning av sel er det utarbeidd eit detaljert regelverk for våpen og blodtappingsprosedyrar. Dette regelverket er minst like godt som det som gjeld for jakt på landpattedyr.

Trass i gode og internasjonalt aksepterte rutinar for avlivning av sjøpattedyr, oppstår det til tider kampanjar mot norske fangstnæringar basert på feilinformasjon om avlivning. Det er viktig at Noreg opprettheld ein vitskapleg kompetanse og ei forskning som stadig kan perfeksjonere avlivings-

metodane, for å utvikle så skånsam avliving som mogleg.

Epidemiar i 1988 og 2002, forårsaka av kvelpesjukevirus (PDV), førde til massedød blant steinkobbane i Skagerrak. Teljingar av klappmyss tyder på at ungeproduksjonen i Vestisen kan ha blitt nærare halvert sidan 1997 trass i ein svært avgrensa fangst i denne perioden. Vi kan likevel ikkje utelukke at dette kjem av at klappmyssen har skifta yngleområde på grunn av endringar i istilhøva. Men epidemiske sjukdommar tilsvarande det som er observert hos steinkobbe kan vere ei mogleg årsak til at det no blir fødd færre klappmyss i Vestisen. Ei anna årsak kan vere *Brucella*-bakteriar som er påvist hos sel i Nord-Atlanteren. Denne bakteriegruppa har vist seg å utløyse abort hos landpattedyr.

Både på grunn av beredskap knytt til avlivings-teknikkar og av omsyn til forskning om dyrehelse er det viktig at Noreg har sterk veterinærmedisinsk kompetanse som spesialiserer seg på sjøpattedyr og dei spesielle tilhøva for denne dyregruppa.

5.1.4 Forsking på helseverknader av sjøpattedyrprodukt

Feitt er ein heilt nødvendig del i menneskeføde. Omega-feittsyrene er avgjerande for utviklinga vår frå befruktning til alderdom og død. Men det er ikkje likegyldig kva for omega-feittsyrer vi får gjennom kosthaldet vårt. I det vestlege kosthaldet brukar vi stadig meir raffinerte kornprodukt med mindre fiber samtidig som vi brukar mindre mat frå havet. Dette resulterer i ei forskyving mot meir av dei landbaserte omega 3- (ALA) og omega 6-feittsyrene og mindre marine omega 3-feittsyrer (DHA og EPA). Denne forskyving ser ut til å medverke til vanlege livsstilsjukdommar som hjarte- karproblem, blodpropp, høgt blodtrykk, diabetes og ei rekkje betennelsestilstandar som til dømes leddgikt.

Marint planteplankton produserer komponentane til det feittet som inngår i marine næringskjeder. Marint feitt inneheld dei viktige omega 3-feittsyrene DHA og EPA. DHA er nødvendig i store mengder for å utvikle og vedlikehalde hjernen og netthinna i auget, og dermed sikre læringsevna vår, minnet og synet vårt frå vi er unge til vi blir gamle. EPA ser ut til å vere viktig for den mentale helsa vår.

Nedanfor omtalar vi meir spesifikke eigenskapar ved sel- og kvalolje (sjøpattedyrolje) som er rik på marine omega 3-feittsyrer. Denne omtalen byggjer i stor grad på rapporten frå eit ekspertpanel samankalla av NAMMCO i oktober 2007.

Sjøpattedyrolje, revmatisme og betennelsestilstandar

Forsøk viser at relativt kortvarig (10 dagar) inntak av sjøpattedyrolje (10ml x 3 dagleg) reduserer leddsmerter hos pasientar med tarmbetennelsesjukdommar (både Crohn's sjukdom og ulserøs kolitt) og hos pasientar med psoriasis. Verknaden sjølv av kortvarig inntak varer over nokså lang tid (meir enn seks månader). Det er nødvendig med større studiar som omfattar fleire pasientar for å dokumentere lækjande verknad på tarmsymptoma, men førebelse resultat er lovande.

Det finst nokre tilfeldige studiar utan kontrollgrupper som er interessante med tanke på sel- og kvalolje og pasientgrupper med andre reumatiske lidningar. Men det må understrekast at det er nødvendig med kontrollerte studiar av verknader av sjøpattedyrolje på leddsmerter og betennelsestilstandar hos pasientgrupper med andre reumatiske sjukdommar før vi kan dra konklusjonar.

Sjøpattedyrolje og hjarte-karlidningar

Regelmessig inntak av sel- og kvalolje er effektivt for å redusere reaktiviteten til blodcellene og dermed minske risikoen for blodpropp. Blodpropp kan i verste fall føre til hjarteinfarkt eller hjerne- slag (men det finst indikasjonar på at veldig store inntak kan føre til auka risiko for blant anna hjernebløding). Denne eigenskapen ved sel- og kvaloljar er truleg årsaka til låge førekomstar av hjarteinfarkt hos eskimoane på Grønland.

Effekt av sjøpattedyrolje på andre lidningar

Det ser ut som om sel- og kvalolje, i motsetning til soyaolje, reduserer symptom hos pasientar som har hyperfølsemd for enkelt matprodukt. Kontrollerte studiar har også demonstrert at sjøpattedyrolje reduserer menstruasjonssmerter.

Sel- og kvalolje kan truleg med fordel erstatte ei svært vanleg brukt gruppe smertestillande medikament som med ei fellesnemning blir kalla NSAID (Non-Steroidal Anti-Inflammatory Drugs), særleg hos pasientar som får alvorlege biverknader som magesår eller hjarteproblem ved bruk av NSAID-medikament. Den aktive verknadsmekanismen i sel- og kvalolje er truleg den same som i NSAID, nemleg COX-2 hindrande eigenskapar.

Uløyste spørsmål knytt til sjøpattedyrolje

Omega 3-feittsyrene frå sel og kval har ein annan geometrisk struktur enn tilsvarande omega 3-feitt-

syrer frå fisk. Det er likevel framleis uklart om sel-olje og kvalolje har betre, eller andre, eigenskapar enn fiskeolje frå til dømes torskelever (tran). Dette kjem av at dei to typane av olje ikkje er testa mot kvarandre i same type kontrollerte eksperiment.

Mange av dei fordelaktige eigenskapane av sjøpattedyrolje må ha å gjere med den høge konsentrasjonen av omega 3-feittsyrer i desse oljane. Men somme av dei fordelaktige eigenskapane kan vere relaterte til antioksidantar og andre sambindingar som kan bli fjerna eller øydelagde ved raffineringmetodane som blir nytta. Det bør avklarast kva for eigenskapar som blir fjerna ved raffinering slik at dei kan tilbakeførast i det endelege produktet, som til dømes å tilsetje antioksidantar ved å blande sjøpattedyrolje med olivenolje.

5.2 Rådgivingsbehov

5.2.1 Nasjonal rådgiving

Fiskeri- og kystdepartementet har hatt to sentrale, faglege rådgivarar knytt til sjøpattedyr: ein rådgivar for forvaltning av sjøpattedyr og ein for dyrevelferd og avlivingsspørsmål. Departementet har også hatt til disposisjon eit sjøpattedyrråd leia av Fiskeridirektoratet og med representantar for fangstnæringane som medlemmer. Funksjonstida til sjøpattedyrrådet har gått ut og vi står framfor eit generasjonsskifte i den faglege rådgivingsfunksjonen. Det vitskaplege grunnlaget for god ressurs- og miljøforvaltning blir stadig meir komplisert, og særleg set førebuingane til ei økosystembasert forvaltning nye krav til rådgivinga.

Regjeringa ønskjer å vidareføre den fagleg gode rådgivinga og samtidig organisere rådgivinga breiare for å dekkje nye behov. Regjeringa foreslår ei fleksibel ordning som sikrar breiare representasjon til rådgivingsfunksjonen. Det kan vere tenleg å erstatte sjøpattedyrrådet med ein serie høyringsmøte for å drøfte fangstreguleringa, deltaking og støtteordningar med representantar for fangstnæringane og andre interessantar som saka vedkjem. Forskarar kan innkallast etter behov. Ein tek sikte på eitt møte årleg, til dømes rett etter årsskiftet. Dagsorden for møtet vil bli sendt til dei relevante organisasjonane i forkant av møtet og høyringsmøtet vil bli annonsert på ein eigna måte.

For å møte styresmaktene sitt framtidige kunnskapsbehov skal eit ekspertpanel kallast saman årleg for å gi Fiskeri- og kystdepartementet råd om innretninga på forskinga og forskingsfinansiering. Dette panelet skal leiast av ein forskar med seniorkompetanse og bestå av forskarar, inklusive

ekspertar på sjøpattedyr, populasjonsdynamikk, økosystemforskning, fiskeribiologi, veterinærekspertise og mattryggleik. Det er viktig for regjeringa at breidda i kunnskaps-Noreg er representert i eit slikt panel. Havforskningsinstituttet skal ha eit hovudansvar her og eit ansvar for å samordne og organisere panelet sine aktivitetar. Det er føremålstenleg at ordninga med ekspertrådgivarar blir førd vidare med tanke på generelle forvaltningsspørsmål knytt til sjøpattedyr og sjøpattedyrøkologi og når det gjeld avlivning og dyrevelferd. På lengre sikt er det ønskjeleg at den generelle sjøpattedyrrådgivinga blir knytt til ei permanent stilling ved Havforskningsinstituttet.

5.2.2 Internasjonal rådgiving

Det internasjonale råd for havforskning, ICES, er eit regionalt, vitskapleg og rådgivande organ for fiskeri- og havmiljøspørsmål i Nord-Atlanteren med 20 medlemsland. Mykje av arbeidet i ICES føregår i tematiske arbeidsgrupper som lagar faktagrunnlaget for forvaltningsrådgivinga. Forvaltningsrådgivinga blir kvalitetssikra i fagkomitear med brei deltaking av forskarar med seniorkompetanse. ICES blir no nytta til å gi råd om forvaltning av grønlandssel og klappmyss. Det kan i tillegg vere aktuelt å nytte NAMMCO eller ICES til kvalitetssikring av overvakinga av kystsel og til å gi råd om kystseforvaltning.

ICES har lang tradisjon for å gi kvoteråd for enkeltbestandar, men organisasjonen har også orientert seg i retning av økosystembasert rådgiving. Det er viktig å få breidt internasjonalt gehør for at sjøpattedyra sin rolle i økosystemet må innarbeidast i slik rådgiving. Dette er ein svært komplisert, men ein viktig prosess som Noreg vil bidra til.

Den internasjonale kvalfangstkommisjonen, IWC, er ein global forvaltningsorganisasjon med 85 medlemsland. IWC har sin eigen vitskapskomité med om lag 200 forskarar som møtest i to veker før det årlege kommisjonsmøtet. Vitskapskomiteen rapporterer til Kommisjonen og dei fleste av vitskapskomiteen sine tilrådingar er basert på konsensus. I nokre spørsmål er likevel vitskapskomiteen sterkt splitta. Dette gjeld særleg synet på den omfattande japanske forskingsfangsten. Men ein prosedyre for korleis komiteen i framtida skal evaluere forslag til og resultatata frå forskingsfangsten, vart vedteken med konsensus i 2008.

Trass i at tilrådingane frå vitskapskomiteen er basert på stor grad av einigheit blant medlemmane, er Kommisjonen handlingslamme som forvaltningsorganisasjon på grunn av djup usemje om

fangstspørsmålet. Årsmøtet i 2009 vil truleg bli avgjerande for IWC sin framtidige funksjon som forvaltningsorganisasjon.

Noreg foreslo i 2005 å justere den prosedyren (RMP) som blir nytta for å kalkulere fangstkvotar i IWC. Forslaget føreset ei rekkje simuleringar som allereie er gjennomførte, men resultata er framleis ikkje ferdigbehandla i IWC. Saka kjem opp på møtet i juni 2009.

For å søkje breiast mogleg internasjonal aksept for norsk sjøpattedyrforskning og -forvaltning er det viktig at Noreg held fram med å spele ei aktiv rolle innanfor både ICES og IWC.

5.3 Regjeringa sine konklusjonar og tilrådingar

Fangst av sel og kval er tradisjonsrike næringar langs norskekysten. Ein fornuftig fangst av sjøpattedyr vil også ha gunstig verknad for utnyttinga av andre marine ressursar. Samtidig er sjøpattedyra ikonar med stor symbolverdi for natur- og dyrevern. Det er derfor særleg viktig at Noreg har ei balansert forvaltning av desse artene, og at forvaltninga er tufta på solid vitenskapleg grunnlag, faglege råd og breiast mogleg internasjonal aksept.

Regjeringa vil styrkje forskinga, utvide den faglege rådgivinga og auke det internasjonale samarbeidet. Konkret foreslår regjeringa følgjande:

Forskning

- Alle bestandar som vi driv fangst eller jakt på skal overvakast, og det skal liggje føre oppdaterte vurderingar av bestandane som viser at dei er livskraftige og toler fangst før kvotane blir fastsette. Det er viktig at den norske bestandsovervakinga framleis oppfyller dei krav som internasjonale, rådgivande organ (ICES, NAMMCOs vitenskapskomiteé og IWCs vitenskapskomiteé) set til overvaking som skal nyttast i forvaltningsrådgivinga.
- Norsk sjøpattedyrforskning har eit svært godt ord på seg internasjonalt. Kvaliteten på og omfanget av forskinga på sjøpattedyr skal vidareførast.

- For å møte forvaltninga sitt framtidige kunnskapsbehov skal eit ekspertpanel, under leiing av Havforskningsinstituttet, kallast saman årleg for å gi Fiskeri- og kystdepartementet råd om innretninga på forskinga og forskingsfinansieringa. Feltstudiar for innhenting av empiriske data for betre å forstå sjøpattedyra sin rolle i økosystemet, skal styrkast. Økosystemtokt og satellittsporing blir viktige datakjelder i dette arbeidet. Internasjonalt samarbeid er vesentleg for datatilgang frå heile Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen.
- Felldata og økologisk teori skal utnyttast til ein ny generasjon fleirbestands- og økosystemmodellar. Innsatsen for å utvikle gode og praktiske fleirbestandsmodellar til bruk i ressursrådgivinga skal styrkast ved eit nært samarbeid mellom sterke grunnforskningsmiljø i universitetssektoren og den bruksretta forskinga som blir gjort, mellom anna ved Havforskningsinstituttet.
- Forsking og veterinærmedisinsk kompetanse på dyrevelferd og dyrehelse skal oppretthaldast. Det er viktig at Noreg har beredskap knytt til dei spesielle tilhøva rundt sjøpattedyr.
- Forskinga om helsegevinstar ved bruk av sjøpattedyroljar skal vidareførast. Det skal stimulerast til gode pasientforsøk med kontrollgrupper.

Internasjonalt samarbeid

- Noreg skal halde fram med å spele ein aktiv rolle innanfor ICES og IWC for å få breiast mogleg internasjonal aksept for norsk sjøpattedyrforskning og -forvaltning.
- Hittil har forvaltninga av kystsel vore basert på nasjonal rådgiving. Når arbeidet med forvaltningsplanar er slutført skal det etablerast mekanismar for internasjonal evaluering av det vitenskaplege grunnlaget for forvaltningsråda. Det er utgreiing i gang om ICES eller NAMMCO er moglege fora for slik evaluering.
- Arbeidet med revisjon av IWC sin forvaltningsprosedyre skal vidareførast med sikte på ei snarleg avgjerd.

6 Økonomiske, administrative og distriktsmessige konsekvensar

6.1 Økonomiske konsekvensar

Det blir varsla at bestandsteljingar med standard metode og overvaking av reproduksjonen til kyst-selen skal styrkast. Vidare blir det varsla at det skal opprettast eit vitskapleg råd for regjeringa med siktemål å styrkje den samla rådgivinga på sjøpattedyrområdet. Begge desse tiltaka blir dekkja innanfor gjeldande budsjettrammer. Det blir lagt til grunn at dei tiltaka og den politikken som elles er behandla i denne meldinga ikkje vil utløyse nye økonomiske byrder av noko omfang.

6.2 Administrative konsekvensar

I denne meldinga blir det ikkje fremma tiltak som kan ventast å føre til administrative konsekvensar av noko omfang.

6.3 Distriktsmessige konsekvensar

Regjeringa vil styrkje og vidareutvikle fangstnæringane for å bidra til å sikre lønnsam næringsverksemd og ei berekraftig forvaltning av dei marine ressursane våre. Dette har mykje å seie for distrikta. Å ta vare på fangskulturen langs norskekysten er også eit viktig element i denne politikken. Lukkast det å få til ei betre lønnssemd i fangstnæringane vil det ha ringverknader i dei kystsamfunna der fangstnæringane er etablerte.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 19. juni 2009 om norsk sjøpattedyrpolitikk blir send Stortinget.

Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hjå:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern, 0314 Oslo
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Faks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringen.no

Omslagsfoto: Robert Walker. M/K «Bolga» av Vestvågøy

Trykk: 07 Gruppen AS – 06/2009

